

Gamle dagar i
SAMNANGER



Årbok 2018
Samnanger historielag


Gamle dagar i Samnanger, årbok 2018

Framsidedeilete: Båtar på fiske utanfor Nordnes på Tysse.
Måleri av Lars Sjursen.

Bokutforming: Strømmen Tekst
Trykk: Norheimsund trykkeri

Gamle dagar i
SAMNANGER

Årbok 2018
Samnanger historielag



Samnanger historielag

Føreord

Velkomen til ei ny utgåve av Samnanger historielag si årbok!

I denne boka vil du finna ulike tema frå ulike deler av bygda vår. Me held fram med serien «Livet langs fjorden» som me starta på i fjor. Her får me verta meir kjende med jaktefarten som hadde si glanstid utover på 1800-talet. Når me først er på sjøen, får me også høyra om losvesenet i Noreg og om losen Lars Johannesen, eller «Vikalosen» som han òg vart kalla.

Sjølv om det er over 73 år sidan 2. verdskrigen slutta, er det framleis mykje udokumentert stoff om okkupasjonstida. Denne gongen har me med tre artiklar frå denne tida.

Me får høyra korleis ein ung sjømann opplevde å gå i konvoi over Atlanteren i 1940 med fare for å verta angripen av tyske ubåtar. Me får eit nærare innblikk i kampane på Fossen Bratte, og me får høyra korleis det var å vera ein liten gut på Totland i denne tida.

Me skal også ein tur til fjells, både til Grønsdalen og skulevegen for borna der, og til Bjørnåsen og dei som bygde opp denne fine plassen.

Tusen takk til alle som har kome med innspel og bidrag til denne boka! Det har vore ei stor glede å ta i mot stoff og bilete frå såpass mange, og me tek gjerne imot meir.

I årboknemnda 2018 har desse vore med: Ivar Bård Aadland, Karin Høysæter Steinsland, Tor Wold og Anlaug Røen Hauge.

Anlaug Røen Hauge

redaktør

Innhald

Tor Wold:

Historia som gjorde Samnanger
til ei sjøfartsbygd s. 8

Tor Wold:

Barmajakta s. 20

Tor Wold:

Jakteskippar Hans Nygaard s. 22

Karin Høysæter Steinsland:

Losvesenet s. 33

Karin Høysæter Steinsland:

Sjøvegen for bondeson frå Tysse s. 37

Per Storlid:

Kampane på
Fossen Bratte 1940 s. 47

Nils Aadland:

Fra Venezuela til England s. 65

Henrik Brigtsen:

Ein gutunge på Totland
under krigen s. 73

Norvald Langeland:
Mons K. Aadland s. 81

Karin Høysæter Steinsland:
På veg til Grønsdal skule s. 89

Magli Gjerde:
Då straumen kom til
Dyrhovden s. 97

Svein O. Aadland:
Den ekstreme helga s. 100

Arve Espe og Anlaug Røen Hauge:
«En driftig kar» s. 104

Solvor Aadland:
Kva har hendt i
Samnanger historielag 2018 s. 110

Historia som gjorde Samnanger til ei sjøfartsbygd

av Tor Wold



Tysse tidleg på
1900-talet. Båten
i forgrunnen er
ei jakt. Utsnitt frå
eit måleri av Lars
Sjørusen.


I perioden 1981 til 1993 jobba eg i Samnanger, som turnuskandidat, distriktslege og seinare kommunelege, til saman i vel 10 år. På den tida reiste vi mykje heim til folk på sjukebesøk, og eg var innom i mange heimar. Nokre gongar vart eg invitert på kaffi. Ein gong dei hadde slakta på ein gard, vart eg invitert på nylaga blodklubb kl. halv 12 om natta. Over maten vert det lett ein prat, og gamle folk har mykje å fortelja. Då historielaget vart stifta i 2000 vart eg invitert med. Seinare har eg kunne bidra med å følgja opp mykje av det eg hørde frå pasientane i desse åra. Og eg har alltid kunne ta kontakt med folk for å finna ut meir.

Ein av dei tinga som vekte interessa mi, var tida før vegen kom. Då var det båt som var transport-metoden. Ikkje før i 1895 kom det veg til Ådland. Skulle ein reisa nokon stad før det, måtte ein ro, segla, eller gå.

På Lars Sjursen sine maleri frå om lag 1900, ser ein ofte ei jakt eller nokre skøyter. Tidleg på 1900-talet er seglbåten bytta ut med ein dampbåt.

Både ei jekte og ei jakt er ein einmastra, brei båt. Tidleg på 1800-talet endra dei byggjemåten. Før dette hadde dei klinkbygde skrog, slik som vikingskipa. Denne båttypen heiter ei jekte. Dei klinka borda saman med naglar av tre eller metall. Ein oselvar blir framleis bygd slik.

Utover på 1800-talet lærte dei å byggja slik som engelskmennene og nederlendarane gjorde. Dei gjekk over til kravellbygde båtar, der borda blei festa til spanta, tett attmed einannan. Så dreiv ein drev av hamp mellom borda, og smurde med tjøre. Ein slik båt kaller ein ei jakt. Ei jakt kunne ein byggja større enn dei gamle jektene. Byggjemetodane er illustrerte på denne engelsk-teksta teikninga:



Den informasjonen om jaktetida, som eg har greidd å få frå gamle folk, har vore sparsam. Denne perioden var så godt som over før 1900, og sjølv då eg kom hit som turnuskandidat i 1981, var nok dei aller fleste, som hadde vore med på jaktefarten, borte. Men eg hadde vorte nysgjerrig, og eg har klart å finna nokre få som veit litt, ting dei har høyrte frå foreldra og besteforeldra sine.

Eg har snakka med mange. Eg har vore i sjøfartsmuseet, lese det eg har funne av litteratur om emnet, og sjølv sagt vore i kontakt med Fartøyvernssenteret i Norheimsund.

Samnangersoga av Nils Lauvskard er svært nøyaktig, og som bygdebok og slektshistorie er ho eit grundig verk. Ho er skriven i ei tid då få bygder hadde sett i gang med slikt arbeid. Informasjonen om fisket og sjøfarten i bøkene er likevel sparsam. Som dei fleste av si tid, var nok Lauvskard mest interessert i landbasert næring. Då Norge skulle definera det særnorske etter 1905, såg dei til bøndene i dei indre stroka av Norge, som ein tenkte var lite påverka av utlendingar. Likevel nemner Lauvskard mange som dreiv sjøen eller var jakteskippar. Han skriv også at nokre av dei vart velstandsmenn.

I boka *Landstrykere* gir Knut Hamsun eit godt innblikk i denne tida. Han skildrar på ein fengjande måte korleis fisket, oppkjøpet av torsken, og tilverkinga til klippfisk gjekk føre seg. Også sildefisket med sildenot, der dei stengde silda inne i ei vik, skildrar han.

Det er kjent at jaktetrafikken i Hardangerfjorden har vore stor. Men det viser seg at folk i Samnangerfjorden også har vore svært aktive. Samningar har teke del i sildefisket, i oppkjøp av torsk i Lofoten, tilverking av klippfisk, og transport av klippfisken og av salta sild til Bergen og til marknaden i utlandet. Dette handlar grovt rekna om perioden 1800-1900. Etter det tok motoriserte båtar over.

Før eg fortel om jakter og jakteeigarar i fjorden, vil eg gå kort innom historia som leier fram til den perioden då alt dette hende. Eg vil prøva å komprimera over 800 års kysthistorie, til nokre få sider. Eg håpar de klarer å hengamed. Dette er viktig for forståinga av det som kjem seinare.

I fjor trykte vi ein artikkel om Steintveitjakta. Vi veit at det var inntekter frå fiske og fisketransport som her vest la grunnlaget for det skiftet som skjedde på 1800-talet, frå naturalhushald til pengehushald. Kapitalen til Samnanger sparebank, som vart stifta i 1874, kom for ein stor del frå denne verksemda.

Går vi tilbake til vikingtida, veit vi at det var handel med utlandet. Vikingane hadde havgåande skip, og i saga finn vi omtale av handel med fisk til England. Det vanlegaste handelsskipet kalla dei knarr, det er ein slik båt som Ragnar Thorset sigla jorda rundt med i 1984-1986. I høgmiddelalderen, dvs. 1150-1350, hadde Norge også større og betre havgåande skip enn dette.

Svartedauden, i 1349-50, tok livet av om lag 60 % heile Norges befolkning. Den utrydda så godt som heile den norske adelen. Då slutta nok all norsk handel med omverda, og det gjekk minst 150 år før folketalet igjen var oppe på same nivå som før pesten.

I mellomtida hadde danskekongen gjeve Hanseatane, eit nettverk av tyske bystatar, monopol på handel med tørrfisk frå Nord-Norge. Dei hadde bygd opp Bergen som hovudsete for denne handelen. I 1381 bestemte riksrådet i Tønsberg at «ingen bygd eller by skulle ha tillatelse til å bygge store kjøpmannsskip for å seile nord i landet eller til skattlandene, unntatt de evnet å gjøre det ved egne midler, ikke lånte».

På 1600-talet vart det igjen ei oppblomstring av næringsverksemd i vestlandsbygdene. Det var den såkalla skottehandelensomigengalivogrøre. Dethaddesegslikat Nederland på den tida reiv seg laus frå det spanske riket, og vart ein aktiv sjøfartsnasjon. England bygde samstundes opp koloniveldet sitt. Begge hadde stor trong for trematerialar til skip og hus.

I Norge fanst skog. Nederlendarane tok opp handel med trelast på sør- og austlandet, mens skottane kom til å dominera trelasthandelen i våre trakter.

Skottane var ikkje berre skottar. Svært mange av dei kom frå Shetland og Orknøyane. Folket der var norrønt, men blanda med folk frå Skottland. Desse øyane var opphavleg ein del av Danmark-Norge. Dei hadde teke opp att handelskontakta med vestlandet, men var ikkje lengre ein del av det området danskekongen sende embetsmenn til, eller kravde inn skatt frå.

Dei hadde slektsband til vestlandet, og dei var sjøfarande folk. Dei tok den naturlege oppgåva det var, å handla tømmer langs vestlandskysten, og selja det til marknaden i Europa. Dei kjøpte ikkje berre trelast, men dreiv også meir utstrakt handel. Vi veit at dei mellom anna kjøpte hasselnøtter i tønner, åklede, tønnestavar, tønnebotnar og tønneband. Tilbake hadde dei med seg korn, sukker, perler, pynteband, og andre varer dei kunne selja i Norge. Rokken kom hit på dette viset.

Det var på 1600-1700-talet fleire sager i Samnanger, mellom anna på Reistad, Tysse, og i Aldalen. Det skal også ha vore sag på Sævell, Utskot, Frøland og i Rolvsvåg. Dette var vassdrivne oppgangssager. Oppgangssagene kom til landet som ei nyvinning på denne tida. Dei første sagmeistrane her omkring har truleg vore skottar. Både namna deira og genforsking tydar på dette. Det gjeld t.d. Tomas Tomasson Gjerde, som var sagmeister på Aldalssaga, og som vi skal koma tilbake til. Han er forfar til ei heil etterslekt på Gjerde.

Navn som Barbra, Pitter, Robert, Thomas, Anders, Daniel, Aleksander og Willum er skotskinspirerte namn, og folk på

1600-talet med slike namn var ofte skottar.¹

Mot slutten av 1700-talet minka skottehandelen gradvis. Det var skottane som var sjøfolka i denne trafikken. Danskekongen kravde toll av handelen, og såg på han med positivt blikk.

Fram til reformasjonen i 1536 var det meste av gardane eigde av klostra og kyrkja. Frå då av tok kongen over eigedomsretten til kyrkjegodset. For å finansiera staten selde han gradvis ut kyrkjegodset til rikfolk, eller delte det ut til trufaste embetsmenn. Gardane blei som før drivne av folk som leigde dei og betalte leiga i form av smør og kjøt, såkalla leigendingar.

Med trelasthandelen vart det pengar å tene på å eiga og driva skogen. Vi ser i denne perioden for første gong sjøveigarar på fleire av gardane.

På Reistad sit ein grunneigar om lag 1658. Dette er Anders Olavson. Namnet kan tyda på skotsk opphav. På Reistad ligg Skottebakken, og ein trur at dette var ein av plassane skottane skipa ut material frå.

1 Informasjon frå Jørn Øvrehaugen, prof. i rettshistorie.
Om genforskninga: www.norwaydna.no



Skottebakken. Foto: Wiederøes flyveselskap, 5. juni 1962.

Sagmeisteren i Aldalsaga, Tomas Tomasson Gjerde, eigde garden Gjerde i 1657. Namnet Tomas kan også tyda på skotsk opphav. På garden Nordvik ser vi første bufaste eigar, Knut, om lag 1690. Han erver garden etter far sin, Anders Tomasson Gjerde, som igjen var son til sagmeisteren på Gjerde.

Peder Hansen Tysse (f 1668), som vart kalla Per Tysse, var også mellom dei første sjølveigarane. Slehta hans var prestar både på far- og morsida. Faren, Hans Pedersen, åtte halve saga på Tysse alt i 1682. Familien hadde pengar, og i Samnanger dei kjøpte skog, som tidlegare hadde vore kyrkjegods.

Om lag 1698 tek Per Tysse over etter far sin, og buset seg på Ytre Tysse. Han eig etter ei tid mange gardar, Ytre-Tysse, Langeland, Børdal, Høysæter, Svendsdal, Grønsdal, Kvitingen, Tveit, Tveiterås og Hope i Fusa.

Han eig saga på Tysse, og i Børdalen og på Langeland kan han hogga tømmer, fløyta det til Tysse og skjera det til trelast, som han sel til skottane. Om han er det i Samnanger-soga fleire segn, både om rikdom og anna. Han vart svigerfar til den svenske krigsfangen, Nils Stålby, som han først henta til Tysse som billig arbeidskraft.

Hansatrafikken var på hell etter gullåra på 1400- og 1500-talet. Det var gått lang tid sidan forbodet kom mot store, sjøgåande båtar. På bygdene dominerte difor små klinkbygde båtar, som færingar, og litt større båtar, opp til åttringar, som hadde fire årepar.

Med denne reiskapen kunne ein driva fiske til eige bruk. Det var enno ikkje vanleg med fiske for vidaresal. Berre dei bygdene som låg tett på ein by, kunne nå til byen med fisken mens han enno var fersk, og såleis tene seg ein ekstra slant. Strilane vest og nord for Bergen kunne driva med dette. Men for Hardanger og folk kring Samnangerfjorden var ikkje dette mogleg.

Torsken har i hundrevis av år kome kvart år til Lofoten for å gyta. Silda er ikkje like trufast. Ho skiftar stadig på områda der ho kjem for å gyta. I to-tre tiår vel ho eit kystområde, for så å flytta seg til eit anna. Sjølv om silda truleg har hatt store innsig i alle hundreår, har ho ikkje vore til særlig nytte i gammal tid. Dei kunna berre nytta henne til husbruk.

På 1500-talet var det store sildeinnsig i Båhuslen, som den gongen var norsk område. Dette er første gongen vi veit at dei la salt sild på tønner. Dei koka salt ut av sjøvatn og greidde med dette saltet å konservera silda. Kanskje fekk dei også salt frå tyske saltgruver, men dette var dyrt. Silda vart ei luksusvare, som dei kunne laga i små mengder og eksportera.

Kunnskapen om salting av fisk tok seg opp då nederlendarane og engelskmennene starta havfiske på 1700-talet. Dei fiska på torskestamma utanfor kysten av Newfoundland. Der kunne dei ikkje tørka fisken, slik ein gjorde i Lofoten. Området hadde ikkje faste busetjingar, så det var ikkje folk der til å gjera arbeidet. I staden hadde dei med seg billig middelhavsalt. Dei salta fisken og tok han heim, der dei vaska saltet av han, tørka han, og laga klippfisk. Då engelskmennene seinare på 1700-talet oppdaga torskefelt ut for Kristiansund og Ålesund, tok dei denne kunnskapen med seg dit. Så var grunnlaget lagt for det som skulle bli starten på dei første norske fiske-eventyra, nemleg sildeeksporten og torskeeksporten.

Det er september 1807. Britane angrip København og tar den dansk-norske flåten som krigsbytte. Norge kjem med i napoleonskrigen på den tapande sida, og britane blokkerer Skagerrak for skipstrafikk. Slik hindrar dei mellom anna import av korn til Norge. I bygdene kunne nok folk klara seg, men byane var heilt avhengige av kornimport.

No kjem hellet vestlendingane i møte. Silda hadde på 1700-talet hatt innsig særleg lengre nord, men etter 1770

hadde det vore sparsamt med sild. Men så, i 1808 kjem store innsig av sild.



Teknologien med salting av silda på tønner var kjent, og treverk til tønner fanst i dei indre stroka på kysten. Ein måtte nok koka salt av sjøvatn, men plutseleg fanst mat i mengder rett utanfor fjørsteinane. I 1809 begynte ein forsiktig eksport via Sverige, og etter at krigen var slutt i 1814, kunne ein importera salt, og så begynte ein lang periode med stor sildeeksport til Europa.

Gardar som ikkje hadde vore attraktive tidlegare, fekk plutselig inntekter. Silda kunne takast med garn og nøter. Ein fiska nær land, og dei som hadde ei sildenot kunne gjera store fangstar ved å stengja av ein våg med nota. Ei sildenot var dyr. Som regel gjekk fleire i lag for å kunne skaffa not. Det heldt med dei relativt små båtane folk hadde. Fiskarane kunne utan mykje kapital skaffa seg store inntekter på kort tid. Nokre år kunne fisket slå feil, men i det store starta ei lang velstandstid.

Ein fattig husmannsplass, som Skiftesvik, heilt på grensa mot Os, vart etter få år bustad for ein jakteeigar. Fleire plassar i den ytre delen av fjorden dukkar det opp jakteeigarar. Vi finn dei på Solbjørg, Gaupholm, Trengereid, Kleppe og Nygård. Steintveit er alt nemnd. Ådland har hatt jakt, kanskje i lag med Steintveit. Og i Barmen var det jakt.

Det er grunn til å tru at mykje av kapitalen som trongst for å skaffa jaktene, kom frå sildefisket, men også folk med pengar etter skottehandelen, kan ha skaffa seg jakt, og delteke i jaktetrafikken.



Skipreider i Hordaland. Holsund er markert midt på kartet.

Tidleg på 1800-talet regulerte lova transporten av tørrfisk frå Nord-Norge til Bergen slik at væreigarane hadde einerett på fiskehandel, og det var nordlandske jakter som frakta fisken. Tidlig på 1800-talet var norsk fiskeeksport meir verd enn all annan norsk eksport til saman. Stortinget ønskte etter 1814 å utvikla norsk næringsliv. Difor kom det i 1816 og 1857 lovendringar som godtok at andre deltok i oppkjøp av fisk, og transport sørover.

No kunne folk frå heile kysten reisa til Lofoten og kjøpa fersk torsk, flekka han, og salta han tett pakka ned i rommet i jakta. Seinare tok dei han i land ein plass langs kysten, der dei leigde svaberg og arbeidskraft. Fisken vart skylt og tørka på svaberga med stort mannskap av kvinnfolk og ungar.

Vi har no sett på dei store trekka i omverda, som har påverka livet her i Samnanger. Vi skal igjen snevra inn synsfeltet og fokusera på tilhøva her heime i fjorden.

Området kring fjorden vår var frå gammalt ei eining, Framnes Skipreide. Skipreida hadde frå vikingtida hatt ansvar for å stilla med eit fullt utrusta langskip til leidangen. Skipet låg om lag der Os sentrum ligg no. Seinare gjekk skipreida meir over til å bli ei administrativ eining. Tingsetet var i Holsund, heilt sør i Boga, som er den halvøya som stikk ut midt i Samnangerfjorden sørover frå Homefjord. Framnes Skipsreide vart til Os kommune i 1837.

Det første kommunestyret i den nye kommunen var på Holsund, sentralt, midt i fjorden. Kommunen omfatta noverande Os, Samnanger og den delen av Fusa som ligg på nordsida av Eikelandsfjorden. Som tidlegare nemnt, var Tysse Sparebank den første banken i Os kommune. Kommunen hadde mange ordførarar frå noverande Samnanger før vi vart skilde ut som eigen kommune i 1907.

Når vi skal sjå nærare på jaktetrafikken og sildefisket, må vi halda for oss at folk langs fjorden samarbeidde og kjende kvarandre. Me skal konsentrera oss om Samnanger kommune, men tek også med noko informasjon frå Holmefjord og Lønningdal. Eg har ikkje studert tilhøva i resten av området.

Så då er grunnlaget lagt for temaet: Jaktetrafikken i Samnanger på 1800-talet. Me vil dela historia opp i mindre artiklar.

Kjelder:

Intervju, *Samnangersoga*, folketeljingar på nett, *Norges fiskeri- og kysthistorie*.

Samson Bjørke si bok: *Lønningdal – folket og båtane*.

Nils Kolle: *Småskipsbygginga i Sunnhordland 1820-1860*

Jørn Øyrehagen Sunde: *Vegen over havet – Mowatane frå Shetland til baroniet Rosendal*

Anita Skippervik: *Samningen – ein typisk stril eller eit urfolk i frå eldre tider?*

Barmajakta

av Tor Wold



Steinnaustet i Barmen, september 2018

Sør for Tysse, rett ut for Førøyne ligg Barmen. Nede ved sjøen ligg eit stort, velhalde steinnaust med helletak. Her heldt Hans Barmen f. 1854 til med verksemda si. Hans var jekteskipper, og hadde eiga jakt. Hans vart gift i 1867 med Sesilia Gaupholm og dei busette seg på Barmen, ein plass lengst sør på garden Tysse.

Dei to var barnlause, og då Sesilia døydde, gifta Hans Barmen seg opp att. Den andre kona hans, Anna Kristina Solberg, hadde 4 barn, og slik kom det likevel etterkomarar i Barmen. Eldste stesonen, Hans Solberg, starta butikk på Tysse. Sonen hans, som også heitte Hans, overtok og dreiv butikken der til han vart pensjonert om lag 1990.

Gamle folk har fortalt at når Barmajakta skulle kjølhalast, dvs. vølast på undersida, trekte dei henne opp i fjøra

vest for naustet på svaberget der, og vippe henne inn mot land med taljer, så dei kom til kjølen og skutesida, og kunne driva inn hamp mellom plankane og smøra med bek.

Vi veit ikkje så mykje om Hans Barmen og jakta hans. Men i 1990 fortalte Knut Grønnestøl meg dette:

Hans Barmen hadde oppdrag med transport frå kleberstein-brotet på Kvernes, til Bergen. Dette må ha vore i perioden 1890-1910. Det var då mykje byggearbeid i Bergen, og dei nytta kleberstein til utsmykking. Såleis vart det mykje frakt av kleberstein både frå Ådlandskaia og frå Skutevika på Kvernes.

Johannes Nygård, som var yngre enn Hans Barmen, hadde vore med ein gong han tok inn stein på Kvernes. Dei hadde ikkje kran, men brukte eit slags talje-arrangement. Då mista dei ein stor stein ned i jakta hans. Steinen kunne slått hol i jakta, men det gjekk bra. Hans sa ikkje eit ord, sjølv om dei såg han mislikte det sterkt.

Ein annan gang gjekk det verre. Hans Barmen var spesiell, han sigla ikkje som andre folk til høgre når han møtte båtar på sjøen, men til venstre. Folk her omkring kjente han, og veik då også til venstre når dei møtte han. Men så ein gong, sør i Bømlø møtte han på ein som kom sørfrå, og som ikkje veik unna. Det endte med at han rente på båten til Hans, så baug-spydet knakk. Då mista han styreevna, og vart liggjande på tvers. Jakta dreiv inn mellom 2 øyer, inn i et trongt sund. Han ville berga lasta, men det var for farleg, så dei andre om bord måtte stoppa han.

Dagen etter hadde sjøen brote sund jakta, og lasta var øydelagt. Historia seier at etter dette levde han berre ½ år. Han gjekk ikkje heim, men blei i naustet til han døydde. Vi veit ikkje når dette var, men kona var enke ved folketeljinga i 1910.

Jakteskippar Hans Nygaard

av Tor Wold



Dei gamle husa på Nygård. Foto: Wiederøes flyveselskap, 5. juni 1962.

Aust for Samnangerfjorden, mellom Gaupholm og Sandvik, ligg Nygård. Her budde jakteskipparen Hans Nygaard, f. 1859. Ovafor vegen, ligg den raude løa han bygde seg, og det kvite våningshuset. Eldhuset ligg til venstre for våningshuset og lamhuset til høgre. Hans og kona, Gunhild, kunne flytta inn i 1918. Då var ho 55, og han var 59 år. Før dette budde dei i ei husmannsstove. Dei hadde anna å gjere enn å koma seg i nytt hus.

Hans Nygaard starta med «to tomme hender» og bygde seg opp til å bli Samnanger sin rikaste mann. Me er så heldige at Bergens Tidende skreiv om han i 1922, difor veit vi meir om han enn om dei andre jakteskipparane. *Samningen* trykte artikkelen opp att i 1993, og no gjer me det ein gong til.

- Hans Johannessen Nygaard

Begyndt med 20 daler og er nu eier av en betydelig fiskeribedrift og velstelt gård -


Slik lydde overskrifta på ein artikkel i Bergens Tidende 4. desember 1922. Ein av lesarane våre (ikkje etterkomar til Hans J. Nygaard) har late oss låna ei avskrift av artikkelen. Men bileta me har brukt, har me lånt av den nolevande Hans Nygård, soneson til Hans J. (1859-1947). Me gjev att "livsbilledet" iden målforma og rettskrivinga som forfattaren Olav Synnevaag nytta, men har skifta ut "aa" med "å". Dessutan har me sett til avsnittsoverskrifter.

Nylig stod der i «Bergens Tidende» et livsbillede fra Voss skrevet av Lars Eskeland. Det er ikke tvil om at Hordaland fylke har mange sådanne gjæve folk at vise frem - både kvinner og mænd. Jeg skal bare her gi et litet livsbillede av en mand, hvis navn er kjent blandt fiskerne såvel på vestkysten som i Nord-Norge. Det viser, at den, som vil frem og har evner, ikke behøver absolutt en slump penger for at nå sitt mål.

Notbasen

Hans J. Nygaard eller «Samningeli» som hans eldre kollegaer (notbasene) kalder ham, er født og opvokset på gården Li i Samnanger i 1859. At der tidlig var godt stof i ham bevises best derav, at han som 12 års gut var med sin far på gamfiske i Røvær. Da han var konfirmeret slog han sig på fiske for seg selv. Den dagen, da han hadde fått penger nok til at kjøpe sine første liner, var en av hans lykkeligste dage.

Da han hadde spart sammen 20 daler, vilde han forsøke lykken for godt. Han fikk kredit på 30 daler og sammen med sin forlengst avdøde bror Knut fikk han i stand et notbruk, som han reiste på sildefiske til Nordland med. Lykken var ham



Hans Johannessen Nygaard (1859-1947)

gunstig, således at han allerede efter to års forløp eiet sitt notbruk helt frit.

Senere har han nu i 36 år faret «uti ledning» såvel i vårsildfisket Bergen-Haugesund om vinteren, som på sildefiske på Nordland. I de senere år har han deltatt meget i brislingfiske, og der findes ikke den våg eller fjord i Sogn og Hordaland, hvor Nygaard ikke har vært.

Det ord om at «lykken står den motige bi» er her gåti i oppfyllelse. Hans mandskap har nesten utelukkende vært fra hjembygden, og de største luter (utbytte

av fangsten) har Nygaard kunnet gi sitt mandskap. Var alle penger, som Nygaard har bragt til Samnangerbygdene lagt på et bord, vilde det bli et betragtelig sum. Efter den beskedne begyndelse er han nu eier av tre veltrusede vårsildbruk, brislingfiskebruk m.m.

Bygde med egne hender

Men det er ikke bare fiske som har lagt beslag på Nygaards handlekraft. Han har også hat interesse for jordbruket. Med sin hustru Gunhilde fikk han en plads under den i sin tid store gård Sandvik i Samnanger. Det huet

ikke en mand som Nygaard at være husmand. Han fik kjøbt pladsen og sammen med sin Gunhilde tok han fat og begynte at dyrke. Steintrøserne vokste nede i fjæren, og Nygaard fikk mer og mer albuor. Leiet hjalp nyttet han aldrig. Han måtte hjelpe seg selv. Det var om at gjøre at nytte tiden vel, mens han var hjemme.

Hr. Nygaard gjorde ikke, som så mange andre, at han bygget sig stort hjemmehus først og siden de øvrige. Nei, han foretrakk at bo i sin lille husmandstue og tok fat på grundmuren til sjøhus. Det vil, som man ser av bildet, synes utrolig, at en mand alene kan skaffe stein og lage selve muren til et så stort sjøhus, men Nygaard kan bevise at han har gjort det.

Det var som om lykken vilde overraske ham, fortalte han, da sjøhuset var færdig. Samme måned, som huset var færdig, kaset han et steng brisling som innbragte ham den vakre «lommeskilling» av 8000 kroner. Færdig med sjøhuset tok han fat på murene til fjøsbygningen, som han fikk færdig i 1905. I sitt lille husmandshus bodde han til 1918, da han fikk sitt nye hus færdig. Det var nok kostbart, men hus skulde han ha sig, koste hvad det vilde.

Foruten at ha dyrket op sin plads til en efter vore forhold middels stor gård, har han utført alt sitt reparasjonsarbeid på sine fiskeriskaper selv, samtidig har han øvet sig til at ombygge og reparere sine båter. Alt skogsarbeid til eget bruk gjør han også selv.

"- ærlig strev"

Til trods for den lange arbeidsdag, er han fremdeles i fullt arbeid. I den sidste tid har han været sykkelig, men han vil ikke gi op endda. Han er en av den, som vil «al æra skal liggia i erlegt stræv» og mener at «den som av Gud får sit adelsbrev, han treng ikke kongens stempel». Kongens stempel, ja. Hvor mange

har ikke fått kongens stempel for langt mindre end det, som Hans Nygaard har gjort? Har Samnanger herredsstyre henleiet fylkesmandens eller offentlighetens på denne itherdige arbeidskar i sin midte?

Stedets ligningsnævnd har fundet fattiguttignen fra Li igjen og satham op som «den rikeste mand i Samnanger». Men det offentlige har glemt, at bevidne denne mand sin taknemlighet. Uten hjelp, uten en øres lår står denne mand, som et lysende eksempel for ungdommen på, hvad man med flid og utholdenhet kan bringe det op til.

Bergens Handelsforening bør ikke glemme, hvad Hans Nygaard har gjort. Før holdt notbasene sit vårsildoppgjør i Haugesund. Av den grund foregik det meste av provianteringen dermed. Dette satte Nygaard stop for, og han virket, at den største proviantering foregår nu i Bergen. Nygaard står også høit i sine luterers øine. Han har aldri misbrukt «fællesproviantens ugiftskonto» til egen fordel, som desværre så alt for mange notbasere.

"- et eksempel for vor ungdom"

Bland notbasere er han avholdt og aktert - bland sine bygdefolk er han alltid jovial og koselig. Mange er der, som i årets løp nyder velvære i Nygaards gjæstfrihe hjem. Interessant er det at høre Nygaard fortælle om notbrukene i gamle dager og nu. Og Nygaard, som i 36 år har vært notbas, kan nok fortælle.

Hvis Samnanger fostret mange slike som «Samningerli», vilde bygden stå som et lysende fyrtårn for vore øvrige bygder. Og det er mit håp, at en bedre pen end min kunde skrive Nygaards historie til et eksempel for vor ungdom.

f. Tysse i Samnanger
den 27de november 1922
Olav Synnevaag



Artikkelen slik han såg ut på trykk i Bergens Tidende i 1922.

Hans Johannessen Nygaard


Begyndt med 20 daler og er nu eier av en betydelig fiskeribedrift og velstelt gård-

Slik lydde overskrifta på ein artikkel i Bergens Tidende 4. desember 1922. Ein av lesarane våre (ikkje etterkomar til Hans J. Nygaard) har late oss låna ei avskrift av artikkelen. Men bileta me har brukt, har me lånt av nolevande Hans Nygård, sone-son til Hans J. (1859-1947). Me gjev att «livsbilledet» i den målforma og rettskrivinga som forfattaren Olav Synnevaag nytta, men har skifta «aa» med «å». Dessutan har me sett til avsnittsoverskrifter.

Notbasen

Hans J. Nygaard eller «Samnangerlien» som hans ældre kollegaer (notbasene) kalder ham, er født og oppvokst på gården Li i Samnanger i 1859. At der tidlig var godt stoff i ham bevises best derav, at han som 12 års gut var med sin far på garnfiske i Røvær.

Da han var konfirmert slog han sig på fiske for sig selv. Den dagen da han hadde fått pænger nok til at kjøpe sine første liner, var en av hans lykkeligste dage. Da han hadde sparet sammen 20 daler, vilde han søke lykken for godt. Han fik kredit på 30 daler, og sammen med sin forlængst avdøde bror Knut fik han i stand notbruk, som han reiste på sildefiske til Nordlandmed. Lykken var ham gunstig,



Hans Nygård

således at han allerede efterto års forløp eiet sitt notbruk helt fritt.

Senere har han nu i 36 år faret «uti leiding» så vel i vårsildfisket Bergen-Haugesundomvinteren, som på sildefisket på Nordland. I de senere år har han deltatt meget i brislingfisket, og der findes ikke den våg eller fjord i Sogn og Hordaland, hvor Nygaard ikke har været.

Det ord om at «lykken står den motige bi» er her gått i oppfyldelse. Hans mandskap har nesten utelukkende været fra hjembygden, og de største luter (utbytte av fangsten) har Nygaard kunnet gi sitt mandskap. Var alle pænger som Nygaard har bragt til Samnangerbygdene lagt på et bord, vilde det blitt en betraktelig sum. Efter den beskedne begynnelse er han nu eier av tre velutrustede vårsildbruk, brisling-fiskebruk mm.

Bygde med egne hender

Men det er ikke bare fiske som har lagt beslag på Nygaards handlekraft. Han har også hat interesse for jordbruket. Med sin hustru Gunhilde fik han en plads under den i sin tid store gård Sandvik i Samnanger. Det huet ikke en mand som Nygaard at være husmand.

Han fik kjøbt pladsen og sammen med sin Gunhilde tok han fadt og begynte at dyrke. Steinrøyserne vokste nede i fjæren, og Nygaard fik mer og mer albuerom. Leiet hjelp nyttet han aldrig. Han måtte hjelpe sig selv. Det var om at gjøre at nytte tiden vel, mens han var hjemme.

Hr. Nygaard gjorde ikke, som så mange andre, at han bygget sig stort hjemmehus først og siden de øvrige. Nei, han foretrak at bo i sin lille husmandsstue og tok fat på grundmuren til sjøhus. Det vil, som man ser av billedet, synes utrolig, at en mand alene kan skaffe stein og lage selve muren til et så stort sjøhus,



Foto: Wiederøe flyveselskap, 5. juni 1962. Sjøhuset har fått eit ”skot” på baksida. Elles er huset slik Hans bygde det. Båten er Avance III, etter ombygging.

men Nygaard kan bevise at han har gjort det.

Det var som om lykken ville overraske ham, fortalte han, da sjøhuset var ferdig. Samme måned, som huset var ferdig, kastet han et stæng brisling som innbragte ham den vakre «lommeskilling» av 8000 kroner. Færdig med sjøhuset tok han fat på murene til fjøsbygningen, som han fik færdig i 1905. I sit lille husmandshus bodde han til 1918, da fik han sit nye hus færdig. Det var nok kostbart, men hus skulde han ha sig, koste hva det vilde.

Foruten at ha dyrket op sin plads til en stor gård, har han utført alt sitt reparasjonsarbeid på sine fiskeredskaper selv, samtidig har han øvet seg til at ombygge og reparere sine båter. Alt skogsarbeid til eget bruk gjør han selv.

«-ærlig strev»

Til trods for den lange arbeidsdag, er han fremdeles i fullt arbeid. I den sidste tid har han været sykkelig, men han vil ikke gi op endda. Han er en av dem, som vil «al æra skal liggja i erlig stræv» og mener at «den som av Gud fær sit adelsbrev, han treng ikkje kongens stempel». Kongens stempel, ja. Hvor mange har ikke fått kongens stempel for langt mindre enn det, som Hans Nygaard har gjort? Har Samnanger Herredsstyre henledet fylkesmanden eller offentligheten på denne iherdige arbeidskar i sin midte?

Stedets ligningsnævd har fundet fattiggutten fra Li igjen og sat ham op som «den rikeste mand i Samnanger». Men det offentlige har glemt at bevidne denne mand sin takknemlighet. Uten hjelp, uten en øres lån står denne mand, som et lysende eksempel for ungdommen på, hvad man med flid og utholdenhet kan bringe det op til.

Bergens Handelsforening bør ikke glemme, hvad Hans Nygård har gjort. Før holdt notbasene sit vårslidoppgjør i Haugesund. Av den grund foregik det meste av provianteringen dernede. Dette satte Nygaard stop for, og han virket, at den største proviantering foregår nu i Bergen. Nygaard står også høyt i sine luters øine. Han har aldri misbrukt «fællesproviantens utgiftskonto» til egen fordel, som dessværre så alt for mange notbaser.

«-et eksempel for vor ungdom»

Bland notbaser er han avholdt og aktet – bland sine bygdefolk er han altid jovial og koselig. Mange er der, som i årenes løp nyder velvære i Nygaards gjestfrie hjem. Interessant er det at høre Nygaard fortælle om notbrukene i gamle dager og nu. Og Nygaard, som i 36 år har været notebas, kan nok fortælle.

Hvis Samnanger fostret mange slike som «Samnangerlien», vilde bygden stå som et lysende fyrtårn for vore øvrige

bygder. Og det er mit håp, at en bedre pen end min kunde skrive Nygaards historie til et eksempel for vor ungdom.

f.t. Tysse i Samnanger

den 27de november 1922

Olav Synnevaag

Litt meir om Nygård og Nygårdsjaktene

På Nygård har dei drive med om lag det same i fleire



Hans Nygaard (Samninga-Lien) og kona Gunhild, fødd Sandvik.

generasjonar. Munnleg tradisjon er overført til dei som lever no. Solveig Tveit Nygård har hatt interesse for historia. Ho var gift med Erling Nygård (1928-2003), sone-sonen til Hans Nygaard. Sjølv er ho oldebarnet til ein annan jakteskipper, Mons Kleppe. Ho hugsar mykje av det dei gamle har fortalt. Mesteparten av det ho veit om Nygårdsjaktene, har ho frå Hans, bror til Erling, og frå Engjel, bror til svigerfar hennar. Dei var begge gode forteljarar. Odd Nygård, sonen til Engjel har også bidrege med minne frå faren.

Solveig har teke vare på mykje av utstyret etter Hans Nygaard og sønene, som dreiv vidare etter at han ga seg. Sjøhuset er



fortsatt velhalde, og der fins gamle nøter, segl og master. Også ein gammal notabåt, ein oselvar med 3 årepar, ligg lagra på øvste lemmen.

Gamle Hans Nygaard hadde ein svoger, Olav Nygaard (1861-1934), som var nordlandsskipper på jektene til bergensreiaren Mowinkel. I ungdommen var Engjel Nygård, (f 1901) mannskap på jakta til onkelen sin. Som 17-18-åring var han med nordover til Lofotfisket, og kanskje heilt nord til Troms, for å kjøpa torsk. Dei var vekke i mange månader. Jobben som matros for onkelen var tungt arbeid. Å setta segl og justera seglføringa etter vinden, var matrosarbeid, med mykje slit og haling i tauverk, på kommando frå skipparen. Nokre gonger når det var vindstille måtte dei taua jakta med robåtar, for å komma rundt eit nes og få betre vind. Det var det tyngste arbeidet.

Olav Nygaard reiste i mange vintrar nordover til Lofoten etter

Solveig har ein båtmodell, som kan vera ein kopi av jakta til Hans Nygaard. Det er mogleg at det er Hans Nygaard sjølv som har laga modellen.



torsk som dei flekte og salta ned der nord. Nokre gonger leigde dei seg kanskje arbeidshjelp og tørkeplass nordpå, men ikkje alltid. Når dei da kom med torskelast heim til Nygård, fekk konene og ungane jobb. Først måtte dei skylja saltet av fisken i sjøen, og seinare tørka dei han. Rett ut for Nygård ligg ein holme som dei kallar Paleklumpen. Denne holmen og andre svaberg var gjort reine på førehand, og der tørka dei fisken. Om morgonen la dei han ut til tørk, og om kvelden samla dei han i haugar. Når det begynte å regne om dagen, måtte dei gjera det same. Det gjekk fleire veker med å få fisken tørka til klippfisk.

Anna Berge, eit av barnebarna til Gamle Hans, fortalte at når Olav Nygård skulle av garde, var det hennar jobb å få tak i mannskapet: «Først måtte eg ro til Skar og henta stuerten. Og så måtte eg springa til Tysse og henta mannskap, for gutane på Tysse, dei hadde jobb ombord.»

Hans Nygård fiska mykje i området frå Nord-Trøndelag og oppover langs Nordlandskysten. I perioden frå om lag 1880-1910 var det der silda kom inn. Dei nytta handlodd for å finna silda. Når det var mykje sild under båten, kjende dei rørslene frå sildestimen i loddsnora. Hans var tidleg ute med å læra seg denne teknikken. Han var kjend som ein god fiskar.

I 1920 kjøpte Hans seg ny seglbåt, frå Sverige. Dei kalla henne *Avance III* etter den svenske motoren som satt i henne. Også denne båten nytta han til fiske, men seinare kjøpte sønene båten av han. Dei forlengde skuta, og sette motor i henne, ein 40 hestars Rubb. Dermed begynte ein ny generasjon å driva sjøen på Nygård. Dette kjem vi tilbake til neste år.

Losvesenet

av Karin Høysæter Steinsland

Lov om losordningen (2014):

§ 1. Lovens formål

Loven skal legge til rette for en losordning som, ved å sikre tilstrekkelig farvannskompetanse om bord, skal bidra til å trygge ferdsele på sjøen ut fra samfunnsmessige hensyn, samt medvirke til at Forsvaret kan løse sine oppgaver.

Los- og kjentmannsvesenet er ei svært gammal ordning i Norge. Alt frå 1200-talet – i Magnus Lagabøters lov av 1272 - fins det lovbestemmelser om losing av kongens skip.

Det var særleg i tilknytning til dei store handelsstadane det var trong for folk som kjente leia godt. Etter kvart voks det også fram losordningar langs kysten mellom handelsstadane, som t.d. mellom Bergen og Nidaros.

På 1600-talet kom ordninga med å utnemna losar og gje dei offentlege sertifikat for losing i eit avgrensa område.

I 1720 – etter den store nordiske krigen – tvang det seg fram ei ny ordning av losvesenet. Ein hadde sett kor viktig spesial-kunnskap om ferdsle langs kysten var for å forsvara landet.

Krava til kvalifikasjonar for losar auka. Kjentmannen måtte også kunna lesa og skriva. Men sjølv om det offentlege fastsette reglar og gebyr, og sertifiserte losane, var dei sjølv ansvarlege for eiga inntekt. Dei konkurrerte om oppdraga. «Utdanninga» var gjennom eiga erfaring vanlegvis, far og son hadde gjerne same yrke. Eit tydeleg trekk i utviklingsprosessen

av lossystemet frå 1720 til våre dagar, er endringa frå å vera ei kjentmannsordning og ei binæring til å bli ein profesjon og ei hovudnæring.

Losane måtte frå gammalt av skaffa seg og drifta sine egne båtar. Mange av losbåtane var heller små og opne; det var eit svært farleg yrke. På 1700-og 1800-talet var det svært mange los-enkjer langs kysten av Noreg. Fartøya fekk etter kvart motorar, også losbåtane. Og losverksemda vart sikrare.

Ei anna utfordring vart at trafikkvolumet på sjøen auka voldsomt tidleg på 1900-talet. Losvesenet klarde ikkje følgja opp utviklinga i skipstrafikken. Det vart for få losar. Det førte til at skipsfarten sjølv hyrte inn folk utan formelle lossertifikat, men med god lokal farvannskjennskap og kunnskap om navigasjon. Losvesenet og næringa såg at dette var uholdbart.

I 1908 kom ei mellomløyising, ei særskilt lov om kjentmenn, frå 1911 kalla for kystlosar. Dei fekk autorisasjon av myndighetene etter visse kriteriar. Dei måtte ha attestar som gjekk på farvannskjennskap, kunnskap i navigasjon og vitnesbyrd om orden, pålitelighet og edruelegheit.

Sidan statslosane hadde førerett til alle losingar i sitt los-distrikt, losa mange kjentmenn / kystlosar faste rutefartøy og vart kalla rutelosar; eller dei vart tilsette i eit rederi og vart kalla for rederilosar.

Heilt fram til 1948 var losing drive mykje på privat basis og i fri konkurranse. Loslova av 1948 nasjonaliserte losvesenet heilt, og losvesenet er i dag drive av staten.

Kjelder:

NOU 2013:8 Med los på sjøsikkerhet - Los-ordningens omfang, organisering og regelverk

Terje Vigen

av Henrik Ibsen (1861) - utdrag

Hjemme ved bryggen han steg i land

Med Kongens patent som lods;

Men få kun kendte den gråsprengete mand,

Der rejste som ung matros.

Hans hus var en fremmeds; hvad der blev av

De to, - han derinde erfor:

«da manden forlod dem og ingen dem gav,

Så fik de til slutning en fælles grav

Af kommunen i fattigfolks jord.»

Årene gik og han røgtes sin dont
Som lods på den yderste ø;
Han gjorde visst intet menneske ondt,
Hverken på land eller sjø;
Men stundom gnistred hans øjne stygt, -
Når det brød over båer og skær,-
Og da mente folk, at han var forrykt,
Og da var det få, som uden frykt
Kom Terje Vigen nær.

Sjøvegen for bondesonen frå Tysse

av Karin Høysæter Steinsland

Dette er historia om Lars Johannessen Indre Tysse / Tøsse.

Besteforeldra til Lars var Johannes Eindresson Indre-Tysse og Seselia Larsdotter Frøland. Dei var gardbrukarar på bruksnr 1 på Indre Tysse, og hadde bygglebrev frå 1810, med såkalla kongeskøyte¹ på garden.

Foreldra til Lars, Johannes Johannessen Indre Tysse (Tøsse) og Brita Olsdatter Haga, gifta seg i 1850 og fekk då skøyte på garden.



Brita og Johannes Johannessen Indre-Tysse

Dei fekk sju born mellom 1852 og 1869. I 1865 var Johannes sjølveigar og hadde mellom anna 8 kyr, 2 ungnaut, 20 sauer, 20 geiter.

Faren til Lars, Johannes,

¹ kongeskøyte — skøyte utferda i kongen sitt namn ved sal av krongods, kyrkjegods og anna offentleg gods

var bonde. Men han dreiv også med sal av mjøl frå naustet i fjæra på Indre-Tysse.

Han opparbeidde seg etter kvart stor gjeld, og såg seg nøydd til å selja halve garden i 1869. Det vart endra kår for familien i løpet av 1870- og 1880-åra: Storparten av garden «med alle dens huse» var seld innan 1877. Og i 1888 var resten av rettane til Tysseelva overførde til F. Mathiesen. Johannes døydde som kårmann i 1913 og Brita i 1923. Dei unge var då farne frå bygda.

Lars voks opp på indre Tysse med ei søster og fem brør. Søskena til Lars flytta altså etter kvart frå Samnanger: Dei reiste til Bergen, Nordland eller til USA, alle utanom Bertin.

- Sesilia, fødd 1852, vart gift i 1875 med Stein Håland frå Tynesnes. Sønene hennar utvandra til USA.
- Ole, fødd 1854, vart gift i 1874 med Metta Holmefjord frå Fusa. Han var «Colonialhandler» i Bergen.
- Endre, fødd 1856, flytta til Bergen og gifta seg med Louise Kristine Larsen i 1888. Han var kjøpmann og seinare los.
- Johannes, fødd 1858, flytta til Hadsel i Nordland og gifta seg med Henriette. Han omkom på sjøen. Sonen Peder og dottera Helena, flytta tilbake til Samnanger og vart gifte her.
- Lars vart fødd på Tysse 7.mai 1863. Han flytta til Bergen i 1878, og vart gift i 1896.
- Bertin, fødd 1866, vart gift i 1887 med Eli Sirena Johannesdotter (mi mormor sine foreldre). Dei budde på hennar farsgard Landsvik bruknr 7 på Indre Tysse, og dreiv òg bruknr 6 Mulsvik. Dei vart soleis verande i Samnanger.

- Mads, fødd 1869, var butikkdreng hos broren Endre i følgje folketellinga for Bergen i 1885. Mads utvandra til USA i 1889, til Dakota, og gifta seg seinare med Sara Kleivane.

Sjøen var vegen

Lars Johannessen reiste altså frå Tysse til Bergen som 15-åring, til sin eldre bror Endre. Som 17-åring reiste han til sjøs som så mange andre unggutar på den tida.

Lars starta sitt sjømannsliv med Nordlandsfart. Han reiste deretter i utanriksfart nokre år, med dampskipet Patria frå 1884. I 1886 reiste han med Europa og deretter med fleire andre båtar mellom Bergen og England. Han reiste både som 2. styrmann og som 1.styrmann, og ei tid som midlertidig skipper. Lars tok styrmannseksamen i mai 1888. Det vart mest utanriksfart mellom Bergen og England, Frankrike og Danmark den tida han var styrmann.

Lars Johannessen fekk papir som skipper i januar 1894. Han vart då skipper på dampskipet Activ. Og han stod lenge ombord på Activ. Berre ei einaste negative hending er registrert på alle dei åra Lars var styrmann, skipper eller kystlos. Det var at Activ «strandet ved Aalesund» i desember 1902. Hans siste tur med Activ var over den 23. desember 1905. Han avslutta seinare karriera si som skipper på d/s Thorgny - ein kort tur vinteren 1914 til og frå Odda.

Lars vart sertifisert som kjentmann og som kystlos tidleg på 1900-talet. Så han arbeidde med tida både som styrmann, skipper / kaptein, kjentmann og kystlos.

Historia fortel om styrmannen – skipperen - kjentmannen - kystlosen Lars Johannessen som, lik sjømenn flest, var borte frå familien størstedelen av året. I følgje folketellinga for 1900 budde familien då i Tordenskjoldsgate i Bergen. Men han

sjølv hadde såkalla «antatt oppholdssted» i Lofoten. I følge folketellinga for 1910 var Lars sitt yrke kjentmann, og familien budde framleis i Bergen. Lars sjølv hadde då «antatt oppholdssted» i Odda. Lars levde heile sitt vaksne liv med og på sjøen.

«Hurtig forlovelse»

Dette er ei heller dramatisk historie frå 1895. Det viser ein mann og ei ung dame med sine meiningars mot. Lars Johannessen er 32 år og kaptein på dampskipet *Activ* av Bergen. Båten ligg ved kai i Ålesund med ei kollast. Her på kaien i Ålesund møter Lars ei ung dame på 19 år, Helga Sofie Marie Langva. Kva er vel meir vanleg enn at ein sjømann møter ei dame på kaien? Men alt første kvelden dei møtest frir han til henne – og får ja – frå Helga. Men Helga er ikkje myndig, og ho har ei bindande arbeidsavtale hos statsingeniøren i byen. Lars ber statsingeniøren og frue om å få ta med seg Helga neste dag, men får bastant nei. Kort sagt: Helga rømde med kaptein Lars med båten til England. Dette «gikk ikke upåagtet hen» i Ålesund by. I Aalesunds Handels og Sjøfartstidende, onsdag den 12.september 1895, kunne ein lesa følgjande:



Lars Johannessen



Helga Sofie Marie Langva

Hurtig forlovelse

En tjenestepike i en embedsmanns hus her i byen fikk mandag aften etter endt arbeid seg tid til å ta seg en tur. Den neste dags aften viste det seg at piken i den tid hun aftenen før hadde vært fri, hadde gjort sin nytte. Omtrent klokken 10 om aftenen kom nemlig en herre og presenterte seg for pikens husstand som kaptein på et i havnen liggende dampskip (dampskipet var her med en kullast) og ville avhente sin kjæreste, som var i tjeneste her. Hun skulle følge med ham på turen over til England, og de skulle dra samme natt. Imot dette arrangement ble der selvfølgelig nedlagt den heftigste protest; men hva hjalp det. Piken gråt og låt, og baså inderlig om, at hun måtte få reise thi ellers ble hennes framtids lykke fortvilt, og kapteinen tok til pengeboken og ville med universalmiddelet mot alle onder - penger - løse piken fri fra tjenesten. Om någet av dette hjalp eller ei, kjenner vi lite til, men piken ble med dampskipet, som dro om natten og er nå på vei til England.

Det er vel dessverre å frykte, at den 19 år gamle pike kommer til å angre på den turen og at det blir henne rene lærepenge - Vi tør således ikke anbefale våre giftelystne piker å gjøre ligeså. Risikoen er for stor.

Den 14. september 1895 vart denne forlovelsen på nytt kommentert i same avis i Ålesund – under fullt namn. I eit brev til redaktøren ville statsingeniøren på det sterkaste dementera at han hadde motteke pengar frå kaptein Johannessen for at tenestejenta skulle få sleppa fri frå arbeidsavtala si.

Den unge Helga følgde med dampskipet *Activ* og kaptein Johannessen til England - og deretter til Bergen. Men det var slett inga enkel sak å få gifta seg når den kommande brura ikkje var myndig. For å kunne inngå ekteskap melde dei seg våren 1896 ut av statskyrkja, og dei gifta seg borgarleg i mars 1896, då ho var nitten og eit halvt år. Helga vart ein aktiv adventist resten av livet.

Kystlosen Lars Johannessen

Lars Johannessen fekk etter kvart svært god røynsle på sjøen.

Livet som styrmann og skipper «indenrigst» og «udenrigst» gav inngåande kjennskap til kysten og fjordane. Og denne kunnskapen vart grunnlaget for å få sertifikat som «los».

I 1903 begynte hans veg på sjøen som såkalla kjentmann. Utdanninga bestod av erfaring og attestar og vitnesbyrd frå andre styrmenn, kjentmenn og kystlosar. For å verta sertifisert til å losa langs norskekysten på den tida, skulle ein ha vitnesbyrd om kunnskap i navigasjon, farvasskjennskap og «Orden», «Paalidelighet» og «Ædruelighet».

Lars Johannessen hadde inngåande kjennskap til mange farvatn. Det vitnar også dei ulike bevillingane hans om. Her følgjer utdrag frå 3 av desse bevillingane frå «Ledlosernes kontor Bergen».

20.november 1909 får Lars Johannessen

«Meddelt bevilling som kjentmand i følgende farvand:

- Den av dampskibe almindelig benyttede led paa kyststrækningen Stavanger -Nordkap – Honningsvaag.
- De av dampskibe almindelig benyttede indseilinger fra



Kystlos Lars Johannessen på båt

sjøen paa forannævnte kyst-
strækning.

- Alle turistfjorde paa kyst-
strækningen Stavanger –
Trondhjem.
- Osterfjord.
- Vefsenfjord, Ranenfjord,
Saltenfjord, Ofotenfjord,
Salangenfjord.»

4.november 1911 får Lars Johan-
nessen


«Meddelt bevilling som kystlods i
følgende farvand» og «Tilfredsstil-
lende attester fra 9 d/s førere for at ha'e drevet kjentm.virk-
somhet i mere end 3 Aar i nedenfornævnte farvand»

- Den almindelige led mellem Stavanger, Kopervik,
Bergen, Molde, Trondhjem, Tromsø, Nordkap og
Honningsvaag.

5.august 1913 hadde han slik bevilling:

- Den almindelige led i turistruten mellem Stavanger, Odda,
Bergen, Gudvangen, Loen, Olden, Merok, Aandalsnæs, Molde
og Trondhjem.

I tillegg til kunnskap om navigasjon, kjennskap til farvatna og
attest på god orden, pålitelighet og edruelighet, måtte
sjølvsaugt losen ha legeattest. Losen måtte ha generelt god
helbred, godt syn, fargesyn og hørsel: «hviskestemme i 6 meters



Teikning av Lars, i Bergens
Tidende i samband med
75-årsdagen hans.



afstand på begge ører». Kwart femte år måtte attestane fornyast.

Med kjentmannscertifikat nr 49 - og seinare kystloscertifikat nr 155 – var Lars Johannessen (Tøsse) sertifisert som los på lange strekningar av kysten av Noreg i ein heil mannsalder. I følgje barnebarnet til Vikalosen, Helga Kristin Johannessen, var farfar Lars

mellom anna los for keisar Wilhelm II på *Hohenzoller* på tokt i norske fjordar.

Vikalosen i Samnanger

I Samnanger og for den nære slekta er Lars Johannessen Tøsse kjent som Vikalosen. Nokon meiner han fekk kallenamnet fordi han kunne føra båtane så langt inn i vikane då han hadde så god kjennskap om leia. Andre meiner det er fordi han hadde slekt i Vika på Indre Tysse.

I alle fall var han los langs nesten heile norskekysten og i fjordane i fleire tiår. På den tid kom det store passasjerbåtar med turistar også inn Samnangerfjorden. Det kunne vera opptil 20 slike «flytende hoteller» på ein sommar i fjorden.

I følgje ein artikkel frå 1955 i *Vi på SAFA*, kalla «En svunnen tid», var dei fleste båtane engelske. Men nokre båtarvartyske eller hollandske. «Avon», «Arcadian», «Otranto» og «Viceroy of India» var årvisse.

Turistane vart frakta inn til kaien på Tysse med båtar som vart låra ned frå dei store skipa som låg omlag midtfjords. Turistane skulle fraktast vidare over Kvamskogen med hesteskyss og karjol. Mor til Lars, ho Brita, kunne sjå når det var Lars som

kom inn fjorden. For ingen kjende fjorden så godt og kunne gå så langt inn med store skip som Lars – vart det sagt etter ho Brita.

Her er ei historie frå Tysse tidleg på 1930-talet - då Oddvar losa losen.

Oddvar Tvedterås (f.1919) fortel:

«Eg var ikkje gamle karen, ein 11 - 12 år, og ute og rodde far sin nye robåt. Eg var ein av Tysse-gutane som tok turistskipet i nærare augnesyn, der det låg midtfjords.

Me kika på turistane som vart frakta inn mot land av mannska-pet om bord. Brått ropte ein mann i uniform frå skipet; - Hoy, du ungdom i den nye robåten! Kan du ro meg inn i Vika?- Eg vart nok ganske overraska. Men eg rodde inntil skipet, fekk mannen om bord og losa han inn i Vika.

Det var Vikalosen som ville ein tur innom broren Bertin. For når skipet låg for anker kunne nemleg losen gå frå borde ei stund før han skulle losa skipet ut att fjorden. Eg venta ein times tid i stova hos Bertin'n.

Så rodde eg losen ut att til skipet - og han klatra opp leideren. Han Lars fekk segeinsnartur innom Bertin'n i Vikjæ den dagen» - hugsar Oddvar.

Lars Johannessen segla i 32 år som kystlos, inntil han «falt for aldersgrensen» då han var 72 år gammal, i 1935.

Kystloscertifikat nr. 155 og Kjentmannscertifikat nr. 49 vart oversendt overlosen i 1942.

Lars Johannessen og kona Helga held saman livet ut. Spådom-men frå Ålesundsavisa i 1895, «Det er vel dessverre å frykte, at den 19 år gamle pike kommer til å angre på den turen og at det blir henne rene lærepenge» slo ikkje til – heldigvis. Dei fekk fem born saman i tidsrommet 1897 til 1911. «Vikalosen»

Lars Johannessen og kona Helga budde sine siste år på Sjøfarernes Aldershjem i Bergen. Lars døde i 1948 og kona i 1958 i Bergen.

Kjelder

- Ministerialbøker for Os og Samnanger
- «Vikalosen og hans slekt» av Helga K. Johannessen (2013)
- Samnanger I og II av Nils Lauvskard
- Losoldermannen i Bergen III – annotasjonsrulle og skipsrulle
- Pantebok for Os
- Bergens Tidende 6.mai 1938
- Aalesund Handels og Sjøfartstidende, 12. og 14.sep.1895
- VI PÅ SAFA (1955)

Eg vil takka følgjande for hjelp og inspirasjon:

- Helga K. Johannessen for innsyn i og lov å bruke bilde frå «Vikalosen og hans slekt» (2013)
- Birgit Høysæter for lån av bilde
- Johannes L. Tysse for lån av «Vi på SAFA» (1955)
- Oddvar Tvedterås som tidsvitne.

Kampane ved Fossen Bratte i 1940

av Per Storlid



PerStorlid(1945-)vedkanonensommestersom eitsymbolårekna,seierhansjølvpådenkanonen som vart brukt i kampane ved Fossen Bratte.

Forsvaret har gjeve lov til å ha kanonen ståande i minneparken så lenge han vert skikkeleg teken vare på og vedlikehalden. Bauten med namna til dei fire frivillige som fall, og som Kvam herad fekk reist lenger oppe ved vegen i 1951, vart flytta til minneparken.

Privat foto.

Per Storlid (1945-) er forsvarsven med om lag 40 års teneste i Heimevernet bak seg, av dei 19 år som områdesjef for Arna og Samnanger HV-område 09 404. I fleire tiår har han ivra for at kampane ved Fossen Bratte i april dagane 1940 skal verta betre kjende og ikkje gløynde. Han har stått i brodden for å få minneplakett på steinen der dei tre skyttarlagsfolka frå Kvam fall, for ein minnepark ved Fossen Bratte og for mange markeringar til minne om det som hende tett ved barndomsheimen hans i april 1940.

Gjennom samtalar og video-opptak med fleire av dei som var med i kampane ved Fossen Bratte i 1940, og ymse rapportar frå hendingane då, har Per Storlid freista å få fram kva som verkeleg hende desse dramatiske krigsdagane. Det som står i Nils Lauvskar si bygdebok Samnanger II, er mangelfullt og til dels feil når det gjeld kampane ved Fossen Bratte, hevdar han.

I brev til ordføraren kritiserer han sterkt kommunen for ikkje å ha retta opp feila og sytt for å få fram eit rett bilete av det som hende og av det samningar elles var med på krigsvåren 1940. Han har skrive det han sjølv kallar «En kortfattet beretning om kampene på Fossen Bratte i 1940» og lagt ved kopiar av ein del rapportar, bilete og namnelister.

I samråd med ordførar Knut Harald Frøland og Per Storlid har eg redigert stoffet. Sjølve artikkelen til Per Storlid har eg omsett til nynorsk. Første delen er for det meste slik Per Storlid har ordlagt seg, medan eg i siste delen og i fyldige notar har drege inn opplysningar både frå rapportar Per Storlid viser til og frå andre kjelder. Ei av dei er «Samningar i krig og fred 1940-45» som var vedlegg til Samningen 4. mai 1995 (Kjelda er merkt Sam 1940-45 i notane).

Ivar Bård Aadland

Først nemner eg litt om meg sjølv og kvifor eg gjer dette. Eg er fødd på garden under Fossen (Insta Storlid) der eg vaks opp. Me hadde kyr, sauer og geiter. Når me var ute og henta dyra, fekk me fortalt om kampane ved Fossen Bratte av foreldre og føresette. Me var mange gonger i dei stillingane som dei norske soldatane og frivillige frå Kvam brukte under kampane. Me fann og ein del granathylser under fossen etter kampane som stod på toppen av fossen i april dagane 1940.


Framrykking frå Bergen mot Voss

Den tyske krigsmakta invaderte Noreg den 9. april om natta. Det norske forsvaret var ikkje mobilisert etter ordre frå norske styresmakter. Først etter at den tyske krigsmakta var i landet, vart det sendt ut mobiliseringsordrar. Då var det i utgangspunktet for seint.

Det var den 69. divisjon som skulle hærta Stavanger og Bergen. Den tyske militære styrken i Bergen/Hordaland var på 200-300 soldatar. Sjefen var generalmajor Hermann Tittel. Han var godt likt av offiserar og mannskap som låg under han. Den 9. april hadde den tyske krigsmakta hærteke Bergenshalvøya. Ein stor del av krigsutstyret var i handelsfartøy som alt låg ved kai i Bergen.

Den 9. april trekte dei norske forsvarsstyrkane under leiing av oberst Østbye seg attende mot Trengereid. 11.-12. april sende dei tyske styrkane oppklaringspatruljar langs hovudvegen til Hardanger. Dei overnatta i Ålvik og reiste tilbake til Bergen dagen etter. Tyske styrkar var no innkvartert på Nesttun, og både 15. og 16. april fekk dei forsterkningar. Den 15. april sende den tyske overkommandoen eit kompani fram til Garnes, Trengereid og Ådland med vegsperring fram til Tysse. Same dagen la krigsmarinen ut miner i Samnangerfjorden, ca. 400 miner kvar med ei sprengkraft på om lag 80 kg TNT.

Den 17. april leia løytnant Stefanski ein motorsykkelpatrulje



Skipskanonen som vart montert på ein lastebil og gjorde stor nytte for seg under kampane ved Fossen Bratte, har ikkje vore mogeleg å oppspora. Ein kanon av same type står i Forsvarsmuseet i Oslo. Foto: Per Storlid

som kjørte på oppklaring til Hardanger. Norske styrkar på Kvamskogen vart varsla og mobilisert. Nedst i Tokagjelet vart den tyske patruljen teken under eld. Løytnant Stefanski fall, og tre av soldatane hans vart såra. Bankkasserar Hermann Røsseland kom kjørande forbi og vart tvinga til å snu og ta dei sterkt såra soldatane med seg i bilen. På vegen opp Tokagjelet med eit automatvåpen (Smeiser) peikande på seg greidde han å rømja ved å krypa gjennom ei stikkrenne, koma seg trygt der ifrå og berga livet. Tyskarane leitte, men fann han ikkje, så dei kjørte vidare mot Bergen. (Sam 40-45, s. 3).

Dei norske forsvararane fekk no hand om to motorsyklar med sidevogn og dessutan ein del våpen og ammunisjon.¹

Dei norske forsvararane

Under leiing av løytnant Bugge frå Marinen vart vegen i Tokagjelet underminert med tanke på sprenging. Kystartillerist Toralf Andreas Jørgensen frå vaktbåten «Haus» som låg i Norheimsund, var kanonør på ei 65 mm kanon som kom til god nytte under kampane ved Fossen Bratte.

IR 10 (infanteriregiment 10, red. mrk.) på Voss stilte med ein styrke på 45 menige og befal. Dei vart skyssa med tog på Hardangerbana til Granvin, båt vidare til Norheimsund og bilar opp til Tokagjel fjellstove. (Resten vart sendt til Valdres.)²

I tillegg til mitraljøsetroppen vart også ein geværtropp leia av fenrik Halleråker med fenrik Aga som NK sendt til Kvamskogen. Halve troppen vart brukt til sikring av Tokagjelet, og resten vart sendt til vakt og sikring ved Fyksesundbrua. Geværtroppen var ikkje med i kampane ved Fossen Bratte.

Til hjelp med sikring stilte Øystese skyttarlag med 21 mann (17.-19. april), Ålvik skyttarlag med 18 mann (19.-22. april) og Norheimsund/Steinsdalen med 19 mann (22. april). (I alt var det då om lag 100 mann som var med på å møte det tyske åtaket, men ikkje alle frivillige på same tid, red. mrk.)³

I stillingane

Leiinga for dei norske forsvarsstyrkane hadde først tenkt at soldatane skulle gå i stillingar inne på Tokagjelet på andre sida av elva. Men så gav dei ordre om å flytta alle militære og frivillige fram til Fossen Bratte (Bruresløret). Då stillingane var klare og soldatar og frivillige var på plass, fekk dei oppleve vinter i Noreg som dei knapt hadde opplevd tidlegare, for det var 15-20 kuldegrader med vind i liten til stiv kuling. Mannskapet vart frostige og søkte ly der det fanst. Det vart til at dei delte seg inn i 4-6-timars vakter slik at dei fekk mat og varme i kroppen i dei forlegningane dei hadde i Eikedalen.

Fenrik Årdal var øvste befall og leia førebuingane og kampene ved Fossen med fenrik Etterlid som nestkommanderande.

Vaktene var på plass og følgde med om det kom tyskarar og gjekk til åtak. Dei norske militære gav ordre om at stillinga på Fossen Bratte måtte sikrast på begge sidene av vegen og elva. Høgre fremre forsvarsstilling låg ca 300 m framom Fossen og 100-150 m over vegen til Eikedalen. Det er bratt og slett fjell heilt frå stillinga og ned i vegen. Frivillige mannskap frå Kvam vart plasserte på begge sider av vegen/elva.

Alt mannskap var under militær leiing. Dei frivillige frå Kvam hadde fått sydd armbind med det norske flagget på. Armbindet i tillegg til anorakk og nikkars var uniforma deira. Armbinda skulle koma til å berga livet til Flatabø og Aarhus då dei etter kampene hamna på Haukeland sjukehus. Den tyske vakta meinte dei var sivile og burde avrettast. Då kom overlegen på sjukehuset og viste fram armbinda med det norske flagget på – noko som viste at dei var norske soldatar. Det godtok den tyske vakta.

Dei frivillige måtte sjølve halda seg med både mat, kle og sko så lenge dei var med i striden. Dei overnatta i ei løe på andre sida av vegen for Kvamshaug der dei norske militære var forlagde. Dei frivillige brukte eigne våpen eller rifler dei lånte hos skyttarlaget sitt, men ammunisjonen fekk dei frå dei militære. Og det skorta ikkje på ammunisjon for korkje militære eller frivillige som var med i kampene ved Fossen Bratte⁴.

På sørsida av vegen/elva vart det bygt skyttarstillingar frå elva og til toppen av Fosshaugane fram på fjellkanten. Dei nytta seg av stein som dei fann til dette bruket. Desse stillingane hadde ei fantastisk utsikt mot Storlid.



Stillingane til det norske forsvaret. Mitralfjøsetroppen hadde i alt fire stillingar – ei stilling og ei skiftestilling på kvar side av elva/vegen ovanfor fossen. Dei frivillige skyttarlagsmedlemene låg spreidde utover fleire stader i terrenget.

På dette fotoet er dei viktigaste forsvarsstillingane markerte. 1. Den fremre geværstillinga og steinen der fire frivillige vart drept og to sår. 2, 3 og 4 (den eine av to stillingar) er mitralfjøsestillingar. 5. Geværstillingar (frivillige) like til toppen av Fossaugane. Skipskanonen på lastebil vart rygga ut i Fossasvingen (mellom mitralfjøsestillingane 3 og 4). Storli ligg i lia og dalbotn nedanfor fossen (utanfor biletet). Kuholmbrua på riksvegen (no fv7) ligg rett nedanfor Storli. Foto: Inge Aasgaard

Evakuering og skyting

Då dei norske forsvararane no var på plass, bad NK fenrik Etterlid folket i Storlid om at dei måtte evakuera frå hus og heim til Eikedalen. Dei som var i Insta Storlid, etterkom ordren og flytta til Eikedalen. Det var far og mor med familie. Den same ordren fekk og Brita Storlid som budde i Ytsta Storlid med ein av sønene sine. Dei evakuerte ikkje då dei fekk ordre om det.

Seinare når kampane med den tyske krigsmakta var i gang og tyskarane invaderte huset til Brita, bestemte ho seg for å forlata huset sitt og gå mot Eikedalen. Det var den 22. april. Ho gjekk med ein stav som ho knytte ein kvit duk på for å visa at ho ikkje var stridande i kampane. Ho vart observert av dei norske militære og frivillige under heile vandringa til fossen. Då ho kom til toppen av Fossen Bratte, vart ho teken i avhør av Årdal og norske soldatar. Ho fortalde då at huset hennar var fullt av tyskarar, og at sonen hennar var teken til fange. Ho meinte at han vart tvinga til å visa dei tyske soldatane vegen til der dei norske var plassert i fremre stilling.

Då Brita fortalde dette og vandra vidare til Eikedalen med stav og flagg, gav dei norske styrkane ordre om full skyting mot huset i Ytsta Storlid. Skytinga vart intens. Også skipskanonen på lastebilen vart teken i bruk, men det var ikkje råd å få direkte treff sidan huset ikkje var synleg frå svingen der lastebilen stod.

Tyskarane kjem

Fredag 19. april kom dei første tyskarane og observerte. Dei låg fordelte på nokre småhaugar på nordsida av vegen. Om kvelden kom det til ei mindre trefning før tyskarane drog tilbake på vegen. Laurdag 20. april kom dei tilbake med mange fleire mann. Dei opna ein kraftig eld med automatvåpen mot

dei norske stillingane. Kampen varte i godt og vel ein time, og tyskarane hadde iallfall to falne då dei drog seg attende. Dei norske forsvarane miste berre hunden til fenrik Etterlid.

Dei norske forsvarane vart liggjande i stillingane, for dei frykta at tyskarane ville koma att når det vart mørkt. Det gjorde dei ikkje, så natta vart nytta til å utbetra stillingane, byggja skinnstillingar og flytta dei mitraljøsene som tyskarane hadde oppdaga.

Også sundag 21. april var det små trefningar heile dagen, men tyskarane kom ingen veg.

Med tyske soldatar på lasteplanet

Forsyningsnemnda i Samnanger hadde fått løyve av tyske militære til å henta 100 sekkar mjøl som no låg på ei skute ved Risnes. Fire samningar med lastebil, Sverre Nytveit, Hans Kolle, Peder Totland og Nils N. Tverlid, tok turen måndag 22. april. På Tysse fekk dei ordre av tyske militære å lossa mjølet og lessa på tyske soldatar. Johannes Tveiterås vart også kommandert ut til å vera med på soldattransporten. Med væpna vakt i førarhuset vart soldatane skyssa til ungdomshuset på Frøland i to vender der dei fekk litt mat og sterkt å drikka. Så var det ny innlasting og skyssing vidare opp mot Fossen Bratte.

Då dei kom opp til Kuholmsbrua, hoppa soldatane av og gjekk vidare mot Fossen. Sjåførane vart ståande ved lastebilane i sprengkulden medan kampane rasa.

Tyske sjukebilar kjørte til Bergen med såra soldatar, og etter kvart vart sterkt såra og drepne soldatar leste på lastebilane med ein presenning over og frakta til Tysse med sløkte billykter og vidare til Haukeland sjukehus. Fleire måtte setja frå seg lastebilane i Bergen, før dei fekk dei tilbake i Norheimsund i slutten av mai. Sverre Nytveit miste sin lastebil.⁵

Den tyske hæren var på om lag 250 mann – altså langt meir enn

dobbelt så mange som dei norske forsvarane.⁵ (I *Samnanger* // s. 324 står det at «fienden var minst eit tusund». Det er sterkt overdrive.) Det er uvisst kor mange som fall eller vart såra, men det vart iallfall kjørt 3-4 lastebillass til Bergen i tillegg til dei som vart frakta i tyske ambulansar. (Muntlege kjelder har opplyst at dei døde soldatane vart frakta til Tyssekaia og derifrå vidare med båt til Bergen, red. mrk.)

«Umulig å forsere Fossen Bratte»

I 17-18-tida var tyskarane klare i stillingane sine og starta ei kraftig eldgjeving, særleg med mitraljøser og maskinkanonar. Etter det vart mørkt skaut dei ut lysbomber som lyste opp heile stillingane til dei norske forsvararane før dei dynka laus med sjølvlysande prosjektil frå maskinkanonane.

Tyske signallys viste at dei begynte å trekkja seg opp fjellsida mot eit gjel om lag 500 m vestanfor dei norske stillingane. Dei frivillige låg ved den fremre posten for å hindra at tyskarane kom seg opp der. No vart om lag 20 mann frå mitraljøsetroppen sende opp i fjellsida for å hindra framrykking der dersom tyskarane skulle greia å ta seg over gjelet.

Kl. 21.30 gav løytnant Aaberg, som hadde overkommandoen over styrkane ved Fossen Bratte og Tokagjelet, ordre om at to lag skulle rykkja fram frå Tokagjelet til forsterking ved Fossen Bratte. Då dei kom fram til Kvamshaug ein time seinare, hadde eldgjevinga nett stilna av. Aaberg trudde då at dei som låg framme i stillingane alt var nedkjempa og gav ordre til dei to laga og dei som heldt vakt ved Kvamshaug om å trekkja seg attende til Sætre hotell og ta stilling der.

Men kampen ved Fossen Bratte loga opp att. Tyskarane pressa på. To av dei norske mitraljøsene som stort sett var haldne utanfor kampen tidlegare, vart no sette inn med full kraft, og skipskanonen på lastebilen dundra på.

Tyskarane hadde ei panservogn, men den vart ikkje teken i bruk. For framom den norske forsvarsstillinga var det sett opp tre sperringar for panservogner. Og skipskanonen på lastebilen hadde så stort kaliber at han ville ha smadra ei nokså stor vogn. Så fenrik Aardal, som leia forsvaret ved Fossen Bratte, seier i ein rapport: «Jeg føler meg overbevist om at så lenge disse mitraljøsene fungerte, ville det være helt umulig å forsere Fossen Bratte selv for en meget stor styrke.»

Tvinga til å visa veg

Han som var teken til fange i Storlid vart tvinga med våpen i ryggen til å visa veg for ein tysk patrulje opp til der dei norske soldatane var. Han vart fortalt av dei tyske soldatane kor mange norske soldatar som var skotne og såra (Sanninga var at ingen norske soldatar vart drepne! red. mrk.), så han ville ikkje verta vist nokon nåde. Han gjekk så openlyst som det var råd, for han håpa at norske frivillige som låg på Fosshaugane skulle få auga på følgjet som var på veg til dei norske stillingane lengst framme for fossen, ovanfor gardshuset i Storlid. Men det skjedde ikkje. Dermed vart det kamp mellom dei tyske soldatane og dei norske frivillige.

Ein tysk patrulje på tre soldatar prøvde også å ta seg opp mot Heiane på sørsida av elva og fossen. Dei var tekne under eld av forsvarane på Fosshaugane. Ein soldat vart såra, og dei to andre drog han med seg gjennom snøen attende til Kuholmbrua.

Trefningen ved steinen

Dette var den 22. april. Vaktlaget frå Norheimsund som låg i den fremre stillinga ovanfor Fossen Bratte, skulle få avløysing av frivillige frå Ålvik. Men kampane var så intense at dei som skulle trekkjast ut vart verande i stillingane og fekk forsterkning av dei som kom og skulle avløysa.

Det hadde vore harde trefningar heile ettermiddagen, så dei

frivillige frå Kvam trekte seg tilbake i ly bak ein stein om lag 15 meter frå skytestillinga for å rasta. Det var Leiv Flatabø, Torvald Aarhus, Lars Vangdal, Sjur Mo og Arne Soldal. Sverre Hjøλλo saman med ein annan frivillig frå Kvam⁷ trekte seg 60-70 m lenger tilbake bak ein annan stein oppe i skråninga.

Den tyske patruljen kom seg usedde opp bak steinen. Den første tyskaren som kom opp, skaut Lars Vangdal i magen. Tyskaren vart skoten av Hjøλλo og for utfor skrenten. Ein ny tyskar storma fram og skaut Torvald Aarhus. Kula gjekk gjennom brystet/lungene og ut att i ryggen. Så skaut den same tyskaren Leiv Flatabø i begge beina og låret. Også denne tyskaren vart skoten av Hjøλλo så han for utfor skrenten. Endå ein tyskar storma fram og skreik og ropte. Han tok geværet til Leiv Flatabø og slo geværkolben i hovudet på Arne Soldal før geværkolben vart smadra mot steinen. Tyskaren vart skoten av Hjøλλo. Ein fjerde tyskar storma fram, tok tak i jakkekragen til Sjur Mo, retta pistolen mot hovudet og trekte av. Skoten på kloss hald døydde han straks – reine avrettinga. Også denne tyskaren vart skoten av Hjøλλo.

No var Hjøλλo oppdaga, og han måtte trekkja seg attende medan kulespruten stod i snøen attmed han.⁸

Døde og såra

Det norske sikringslaget ved høgre flanke var nedkjempa. Tre mann var døde (Lars Vangdal, 31 år, Arne P. Soldal, 28 år og Sjur H. Mo, 21 år) og to alvorleg såra: Leif Flatabø og Torvald Aarhus. Tyskarane sette vakt ved dei såra. Vaktsoldaten var tydeleg nervøs, men han gav ikkje hjelp til dei såra nordmennene. Torvald Aarhus var ved medvit og oppdaga at det var liv i Lars Vangdal til over midnatt. For ikkje å frysa i hel på bakken gjekk Aarhus til den næraste buskfura og festa seg til treet med eit belte. Der hang han heile natta.

Kl. 6.00 om morgonen kom tyskarane tilbake for å henta sine



I 1990 gjorde Per Storlid som sjef for HV-område 09404 opptaket til ei minnemarkering ved Fossen Bratte 50 år etter kampane. Her sit han (til v) i ei av mitraljøsestillingane saman med dåverande fenrik Etterlid, som var nestkommanderande, og fenrik Årdal som hadde kommandoen over forsvaret ved Fossen Bratte i 1940. Dei menige soldatane er her representert ved mitraljøseskyttar Karl Hovland (til h).

Foto: Samningen.

døde og den såra Flatabø som ikkje kunne gå til vegen. Dei hadde tvinga Sigurd S. Eikedal til å stilla med skikjelke og og visa veg til staden der dei døde og såra låg. Dei tre døde tyske soldatane vart lagde på skikjelken og surra fast med tau. Flatebø vart lagt oppå dei døde soldatane med eit tau over brystet til feste. Aarhus fekk eit plaster på såret og vart kommandert til å gå til vegen. Han blødde og hadde vondt for å pusta. Ein tysk soldat gjekk bak med skarpladd revolvar og dytta. Då dei kom ned til brøytekanten ved vegen, stogga Aarhus litt for å sjå kvar det var lettaste å koma ned. Då fekk han ein fot i bakenden og landa i vegen med eit fall.

Aarhus kava seg på beina og gjekk opp mot Kvamshaug. Der kom tyske soldatar og ville ta han, men den tyske sjefen fekk han med seg inn på eit rom til avhøyr. Han snakka norsk, og han ville vita korleis vegen var frå Ålvik til Eikedalen og om det var utført sprengingar på vegen. Aarhus fortalde at han var komen med buss utan stopp eller hefte heile vegen.

I 15-tida vart Aarhus og Flatabø sende til Haukeland sjukehus. Der vart dei plasserte i kjellaren med ordre frå den tyske vakta at dei som sivile skulle skytast. Legen fekk hindra det ved å visa fram armbinda som synte at dei var norske soldatar.⁹

Retretten

Ved midnatt hadde tyskarane teke til med å skyta ut lysbomber frå fjellet bak stillingane til dei norske soldatane. Situasjonen for dei norske militære var svært kritisk, for tyskarane kunne på kort tid koma til å stengja retrettvegen for nordmennene. Lyssignal for retrett vart sendt opp, og retretten gjekk heilt roleg i skritt.

Dei som gjekk langs vegen, stansa fleire gonger for å venta på dei som vassa i snøen på andre sida av elva for at dei skulle greia å halda følge. Tyskarane som kom over fjellet, løyste ikkje eit skot. Det var no på mørkaste natta, og det var umogeleg

å sjå skildnad på ein tyskar og ein nordmann sjølv på svært kort hald.

Dei tok med seg ryggsekkane sine på Kvamshaug, og i ein overfylt lastebil og drosje kom resten av den norske militære styrken seg tilbake til Tokagjillet. Der hadde dei som var der frå før, gått i stilling. Då troppen no var samla, viste det seg at ingen av dei norske soldatane var falne og berre to var lettare såra.¹⁰

Vaktstyrken kom berre så vidt i stilling nokre kilometer vestanfor Tokagjel fjellstove før tyskarane kom i ilmarsj langs vegen. Dei hadde nok fått bilskyss over Kvamskogen. Så braka det laus igjen. Men det vart berre ein kort kamp, for mitraljøsa til dei norske slo seg vrang. Ho ville ikkje meir.

Vaktstyrken trekte seg attende til Tokagjel fjellstove der bilar stod klar til å skyssa dei ned Tokagjelet til Norheimsund og vidare til Fykkesundbrua. Ein del av styrken gjekk i stilling på austsida av brua, men vart seinare henta med buss og skyssa til Ålvik for å følgja etter dei som alt hadde fått båtskyss frå Ålvik til Eide i Granvin. (Det var ikkje samanhengande veg mellom Ålvik og Granvin, red.mrk.) Der vart no troppen samla igjen.

Onsdag 24. april bomba tyskarane mot Eide og ein lastebåt som låg på hamnen der. Om kvelden kom det melding om at to tyske troppetransportskip og ein kryssar med ca 900 soldatar var på veg inn fjorden, så dei norske sette ut ekstra sterk vakt om natta. Torsdag morgon kom tyskarane både med motortorpedobåtar og større skip. Soldatane hoppa i land. Mot ei slik overmakt fann dei norske forsvararane det rettast å trekkja seg tilbake. Tilbaketrekkinga skjedde under kraftig kanoneld med sjølvlysande prosjektil frå dei tyske motortorpedobåtane.

Den norske styrken som hadde vore i kamp ved Fossen Bratte,

melde seg til teneste ved Skjervet. Men det lukkast ikkje å få samling på heile troppen igjen, og dermed var det slutt på å kjempa i første linje for sogningane og sunnfjordingane som seinka den tyske framrykkinga ved Fossen Bratte.



Dei to som vart såra, men overlevde, Torvald Aarhus (1911-2003), til venstre, og Leiv Flatabø (1916-2000) var mellom dei mange veteranane som var med på minnemarkeringa. Foto: Inge Aasgaard

Notar

1) 1 Colt offiserpistol m/28 skot, 1 Mauser pistol, 1 Mauser rifle, 1 automatisk pistol m/2 magasin,

2) 1. tropp kp 8/11 IR 10 var sett opp som mitraljøsetropp med fenrik Aardal som troppsjef, fenrik Etterlid som nestkommanderande og sersjant Gausemel som ammunisjonssersjant. Dei menige var delte inn i ein troppstab og tre mitraljøselslag. Befalet hadde opplæring og teneste i mitraljøsetropp, og dei hadde vore nøytralitetsvakt på Ulven i 1939. Dei menige hadde rekruttskule og hadde gjort teneste som nøytralitetsvakt. Kvar mitraljøselslag hadde ein lagfører, sju skyttarar, ordonans, kusk og reserve – i alt 11-12 soldatar. Fire var frå Nordfjord (Breim og Hyen). Alle dei andre var frå Sogn og Sunnfjord. I mannskaplista er dei oppførte med militært nummer og etternamn. Her tek me berre med etternamna. *Troppstab:* Strand, Mundal, Salhus, Friborg, Torvanger, Torvanger, Hillersøy, Hittun, Tungodden, Bale. *1. lag:* Lunde, Bjørkelo, Eide, Uglane,

Østrem, Krakhelle, Bjørsvik, Røldal, Buanes, Skarstein, Tjønneland, Knapstad. 2. lag: Sviggum, Bjørkelo, Nydal, Solås, Øyre, Bakken, Strømmen, Botnen, Hatlevoll, Rusken, Nordal. 3. lag: Eide, Hovland, Søgner, Høgli, Storøy, Solås, Klungreset, Igland, Ullebust, Bygd, Mo, Holme.

3) Desse skyttarlagsfolka var med: *Frå Øystese 17.-19. april*: Oddmund O. Berge, Torgeir T. Børve, Trygve Fjeld, Johannes Hellestveit, Hans T. Laupsa, Olav M. Laupsa, Mathias Madsen, Olav A. Melstveit, Ingebrigt Rykkje, Olav O. Rykkje, Arne Skeie, Norvald P. Soldal, Hans G. Torpe, Hallgeir Utne, Arne Valland, Asbjørn Vik, Johannes J. Vik, Lars B. Vik, Oddmund J. Vik, Tord Øverland og Leiv Ålvik. *Frå Ålvik 19.-22. april*: David Andersen, Leiv Flatabø, Fridtjof Hansen, Sverre Hjøllø, Brigt Laupsa, Olav Lofthus, Johannes Lyngstad, Sverre Lutro, Martin Midthus, Hans L. Mo, Oskar Prestegård, Olav Skaar, Arne P. Soldal (fall), Johannes Søyland, Trond Tveit, Olav Varberg, Gjermund Øvrevik og Torvald Aarhus. *Frå Norheimsund og Steinsdalen frå 22. april*: Johannes Byrkjeland, Mikkjel Byrkjeland, Oddmund L. Byrkjeland, Olav Byrkjeland, Brigt Bøen, Kristian Lid, Samson Lid, Sjur Mo (fall), Olav H. Neteland, Olav L. Rosseland, Arne J. Sandven, Olav Sandven, Arne L. Steine, Johan Steine, Olav M. Steine, Olav Træbakken, Lars Vangdal (fall), Anders Ødegård og Erling Øvsthus.

4) Tre skyttarlagsmedlemer frå Ålvik skreiv ned kva som hende straks etter kampane ved Fossen Bratte i 1940. Alarmen gjekk laurdag 20. april, og dei frivillige, som låg i løa til Peder A. Eikedal, storma til hotellet: «Det vart bore ut sekker (posar) med geværammunisjon, og me fekk forsyna oss alt me ville – stappa fulle lommer og beltesekker og var kampklare.» (*Samningen* 33/86) Så det som står i *Samnanger II* om at det skorta på ammunisjon, stemmer ikkje, hevdar Storlid.

5) Nils Tverlid har fortalt at han og Sverre Nytveit stod og fraus på ei utkjøring ved brua nedanfor Storlid ei stund då dei fekk tyske soldatfrakkar på seg for å halda varmen. Seinare tok tyskarane frakkane att for å ha dei på såra soldatar. Utover natta vart Tverlid ståande åleine att. Etter at 6-7 tyske sjukebilar var fylte med såra soldatar, leste dei såra på Tverlid sin lastebil – 8 på lasteplanet og ein i førarhuset saman med ein tysk offiser. Det har vore fortalt at Johannes Tveiterås måtte rygge lastebilen sin heilt opp i eldlinja. Han vart kommandert til å leggja seg under lastebilen der det pipla ned blod frå såra soldatar som vart leste på lasteplanet. Dei såra på lasteplana vart dekte over med presenningar under transporten til Bergen. Neste dag vart Nils Tverlid kommandert til å kjøra tyske soldatar frå Kvamshaug til Norheimsund. Ein ny flokk vart kjørt til Porsmyr og seinare til Ålvik. Dagen etter bløffa han seg til kjøresetel og kom seg heimatt. (*Sam* 40-45, s. 7)

6) Den tyske 69. infanteribataljon KP 11 IR 193 var leia av generalmajor Herman Tittel. Under kampane ved Fossen Bratte hadde major Berens leiinga.

7). I rapporten frå Ålvik-skyttarane står det: «Kl. 1830 trekte Sverre Hjøllo og Olav Skår seg attende og la seg i dekning om lag 60 m bak oss.» I same rapporten står det at Hjøllo skaut tre tyske soldatar – ikkje fire: «Klokka var no om lag 21. Sverre Hjøllo, som hadde teke tre tyskarar mellom oss, var i ei vanskeleg stode.» (*Samningen 33/86*) Dersom fire vart skotne, slik Per Storlid hevdar, kan det då tenkjast at ein av dei berre vart såra og overlevde?


8) Sverre Sjursen (1916-2010) vart dregen inn i motstandsarbeidet alt frå 9. april. Han byttest med Bjarne Langhelle om å vera telefonvakt som melde frå til kommandosentralen på Voss, han var kurer og han var med på sabotasjeoppdrag og transport av folk og våpen til motstandskampen. Laurdag 20. april fekk han sitja på med ein kar med lastebil som kom frå Bergen og ville ta omvegen om Mundheim til Voss. Sjursen ville varsle dei norske forsvarane om at store, tyske hærstyrkar samla seg på 'Tysse for å gå til åtak ved Fossen Bratte. Lensmannen skaffa båtskyss det veglause stykket inn til Bakka og bilskyss vidare inn til Norheimsund. Løytnant Bugge, som hadde kommandoen over marinestyrken som låg der, sende han vidare til løytnant Åberg på Kvamshaug. Sjursen varsle om troppesamlinga på Tysse, og at om dei tok opp ved brua nedanfor Storlid, så ville dei koma i bakhald på dei norske forsvarane. Løytnant Åberg tok visst ikkje åtvaringa heilt alvorleg. Han meinte det gjekk så mange slags rykte, også om at tyske soldatar var komne til Høyseter. Sjursen fekk overtydd Åberg om at han kunne ta turen til Høyseter for å sjekka om det var noko i rykta. Han overnatta på Teigen og gjekk over Tøfjellet neste dag til Høyseter. Ved avtalt signal til vaktene på Tøfjellet, melde han om at på Høyseter fanst det ikkje tyske soldatar. Ikkje lenge etter skjedde det som Sjursen hadde åtvara mot. (*Sam 1940-45, s. 2.*)

9) Leiv Flatabø, den andre som vart såra ved kvilesteinen, har skildra korleis han opplevde denne natta. Sjølv hadde han ikkje så store smerter. Då var det verre med Aarhus som hadde vanskar med å pusta. Utpå natta kom fem-seks tyske sanitetssoldatar, skar av kleda og la på forbinding. Så vart dei liggjande til bortimot kl. 6. Då kom åtte mann med ein høyslede. Skiene vart lagde til botn. Så la dei sine eigne såra på sleden, før Flatabø fekk plass. Då var det ikkje plass til fleire. Flatabø hadde ikkje krefter til å halda seg fast, så han ramla av fleire gonger under transporten ned til vegen. (*Samningen nr. 39/89*) I boka «Mørke år over Hardanger. Folk i krig» av Samson Bjørke er det sagt at dei tre soldatane var døde, ikkje berre såra. (*Bjørke s. 58*)

10) 11850 Botnen hadde fått ein granatsplint i ein fot, og 14261 Bjørkelo var skadd i ein arm. (*Rapport frå troppsjef fenrik Aardal.*)

Fra Venezuela til England

av Nils Aadland



I Nordbygda ungdomslag sitt handskrivne blad «Bondeguten» for 24. februar 1946 finn me denne teksten av Nils Aadland (1922-88).

Eitt år etter denne turen melde han seg inn i Marinen og tok utdanning som skyttar på kanon og maskingevær, for handelsskipa fekk etterkvart skyts til å kunna forsvare seg med. Sigla dei i frededelege farvatn, var han vanleg, sivil matros. Men vart båten utsett for åtak, trekte han i marineuniform og stod klar ved kanonen

Det var i desember måned 1940.

Tankbåten «Madrono» ligger for ordre i Las Peadras i Venezuela. Spenningen om bord er stor. Spørsmålet er om vi nå blir tatt ut av den fredelige farten på Syd-Atlanteren for å gå til England, som på det nærmeste ble regnet for å være en dødsseilas. Ikke bare på grunn av ubåtfaren; men som Bergen, en av oss matrosene, sa: «Får vi styggevær i Nord-Atlanteren med denne gamle, råtne likkisten, kan vi liksågodt be fadervår med en gang.» Det kunne nå være sant nok. Båten var 26 år gammel så den hadde for lengst trått sine barnesko.

Vaktene var satt, og vi ventet nå bare på at skipperen skulle komme tilbake fra agentkontoret med seilingsordren. Da han endelig innfant seg, var det ikke vanskelig å se hva slags ordre han hadde fått. Mannen såg ut som han gikk i sin egen begravelse. Så enhver kunne forstå at det ble englandstur. Riktiignok – da rormannen etter avløsningen ved roret en

time etter avgangen kom akterut, kunne han fortelle av vi var bound for Cardiff, via Bermuda.

Dagene som kom var preget av et særdeles fortreffelig vær, som bare det kan være det i tropene. Solen skinte fra en skyfri, azurblå himmel, og havet var speilende blankt så langt øyet kunne se. Det var ikke koselig å tenke på at vi skulle opp i kulden, og gud vet hva som kunne hende i Nord-Atlanteren; men vi ble da til slutt forsonet med det uunngåelige.

En vakker dag dukket Bermuda opp av horisonten. Den låg der som en oase i ørkenen – omringet av utallige korallrev som dannet en hvit krans rundt hele øyen da sjøen brøt over dem. Da vi kom nærmere og kunne se de grønne palmene bak den hvite stranden med små bungalower spredt omkring i en tilsynelatende eneste stor blomsterhave, dannet det hele et panorama som er uforglemmelig. Jeg kan så godt forstå hvorfor de ferierende amerikanere kaller øyen for Paradiset. Den bærer navnet med rette.


Vi hadde ikke før fått ankeret i bunnen, før det vrimlet med småbåter langs siden. Noen kom for å selge souvenirs, andre av bare nysjerrighet. (De lurte antagelig på åssen den gamle rustkassen vår kunne holde seg flytende.) Bombåtmennene fallbød sine varer på et språk som ikke var så lite i slekt med det engang så berømte esperanto. Det var i alle fall en babelsk forvirring av ord, sånn som: «Hei do norski matrased. Do like mykke billiga soveniroy.» (Billig sa de, men det var den rene svartebørspris.) Helst var det en blanding av spansk og engelsk de snakket, med ett og annet svensk ord iblandt.

Oppholdet her ble av kort varighet, som vi nå også hadde ventet. Adam var, som bekjent, ikke lenge i paradiset.

Foruten oss, var det også fire andre båter som skulle til England. En gresk, en belgisk og to engelske. Vi fem skulle da gå sammen nordover. Det varte ikke mange dagene før si merket

at vi nærmet oss Nord-Atlanteren. Skuta begynte så smått å stampe i de lange atlanterhavsdønningene. Luften ble kaldere etterhvert. Så da vi nærmet oss den kanadiske kysten, var det full vinter, og alle mann måtte dra på seg de «bombesikre» underklærne. Til og med da gikk vi og hutret og frøs.

Det var bestemt av vi ved New Foundlandsbankene skulle møte en stor konvoi på utgående fra Halifax og slutte oss til den. Da vi hadde nått den oppgitte posisjon, kunne vi ingen båter se. Men det varte imidlertid ikke lenge før vi så noen skydotter i horisonten, som vi antok for å være skorsteinsrøk fra båtene i konvoien. Ganske riktig. En stund etter så vi mastene og skorsteinene, og siden, etter som de kom nærmere, hele skrogene. De lignet noen grå spøkelser der de kom vuggende i grålysningen, den ene etter den andre. Det var 75 båter i alt, så med oss som kom fra Bermuda, ble det åtti. Vi ble av kommandøren beordret til vår plass i den sjette kolonnen.



D/T «Madrono» vart sjøsett i 1916, hadde ein netto lastekapasitet på 3697 tonn, vart drive av kolfyrte dampmaskiner som skaffa skipet ein marsjfart på 10 knop. Kjelde: skipshistorie.net

Konvoien var inndelt i ti kolonner hver på åtte båter. Alle båter hadde sine nummererte plasser, og måtte til stadighet ha oppe signalflagg som viste båtenes nummer. Eskortens vakt bestod av ett av Englands største slagskip, «Rodney», samt seks destroyere, og ikke å forglemme «likbåten» - populært kalt så fordi den hadde i oppdrag å fiske folk opp fra sjøen etter torpederinger.

Grunnen til den for så vidt store eskorte, var at det tyske slagskipet «Deutschland» på den tiden opererte i Nord-Atlanteren. Den hadde et par dager i forveien senket nesten en hel konvoi bestående av 36 båter, så vi hadde gode utsikter til å få stifte nærmere bekjentskap med den berømte «likbåten». Men humøret var tross alt på «topp stim». Julen nærmet seg, og vi var så smått begynt å glede oss til juledrammen – men dessverre litt for tidlig.

Dagen før lillejulaften fikk vi tåke så tykk som grøt. Vi kunne umulig se de andre båtene; men til gjengjeld kunde vi høre dem så meget bedre. Det ble en uling og tuting uten like. Litt nervøse var vi fra før av, og det ble ikke bedre av den forferdelige ulingen. Hver gang en av de skarpe, gjennomtrengende luftsirenene ulte tett ved, oss kvakk vi så vi hoppet flere fot fra dekket. Men etterhvert så ble vi også vant til det.

Lillejulaften begynte det å lysne, og ut på ettermiddagen var tåken forsvunnet. Senere på kvelden begynte det å blåse, og da vi kom på vakt om kvelden var det sterk kuling. Skuta var allerede begynt å «sette» med baugen, og tok rett som det var en sjøskvett over bakken. Vinden økte mer og mer, og da vakten var slutt kl. 12, blåste det full storm. Sjøene vasket alt i ett over forskipet. Mørkt var det som i graven. Det lyste bare opp av de hvite brottsjøene hver gang de blev knust mot dekket. Lugarene var forut, så det var nesten ugjørlig å gå forover stormbroen da fordekket til stadighet var overfylt med vann. Sjøvannet hadde frosset til is og låg i tykke lag over

alt, så det var ufremkommelig. Da vi stod der og lurte bak hjørnet på midtskipet, hørte vi et skrik, og i mørket skimtet vi så vidt en mann som kom seilende på «akterenden» nedover stormbroen bannende på finsk og svensk. Det var den finske fyrbøteren som skulle på vakt, og så hadde han falt på isen idet skuta tok en overhaling. Bergen kunde ikke la være å vri av seg en vittighet: «Eg trodde du hadde vokset ifra akesporten, Finland,» sa han. «Satana, du holla kjeft, jag inte aka inte,» brølte han, idet han forsvant akterover. Kort tid etterpå tok vi sjansen og gikk forover og klarte det uten noe nevneverdig aking.

Julaften om formiddagen blåste det adskillig kraftigere enn kvelden i forveien. Barometeret hadde falt ned på orkan i løpet av natten. Da jeg kom på dekk om morningen, bar skuta tydelige merker etter nattens strabaser. Ene livbåten var knust til pinneved, og davitene hadde revet opp dekksplankene så de stod og sprikte rett ut i luften. Det var et under at den gamle «vaskebalja» holdt. Hun gav da også etter i sammenføyningene. Det knitret og knaket i hele skroget hver gang hun gravde sig ned i sjøene. Hele båten formelig vred sig i tverrsjøene – akterenden til den ene siden, baugen til den andre. Vi trodde sikkert hele «herligheten» slulle gå nedenom og hjem, men skuta viste sig å være sterkere enn noen av oss ante.

Båtene i konvoien var spredd utover en her og en der. Det var ingen som våget å komme i nærheten av hverandre av fare for å bli knust. Dessuten trengte de svær plass til å «mandurere» på.

Dette tegnet til å bli en nydelig julaften. Kokken hadde fått byssa halvfull av vann fra en brottsjø, så ilden var sloknet akkurat da han holdt på å koke på kalkunen og risengrynsgrøten som vi skulle ha til kvelds. Han var ikke blid der han stod og holdt i kalkungryten. Bergen kunde ikke dy seg. Han stakk hodet inn byssedøren og ropte: «Ka e dæ, farr, holler kalkunen på å fly

ifra deg?» Kokken trev en neve med grøt – i fullt sinne – og slengte midt i planeten på Bergen. Heldigvis tok han det med godt humør. Hvis han ikke det hadde gjort, hadde det ikke blitt noe julemat den kvelden. Da kokken endelig hadde fått kalkunen kokt og klar til serveringen, sa han: «Dere behøver ikke å salte maten. Det har han «Rasmus» sørget for.» Det var ikke langt fra sannheten, for det var nok kommet adskillig med sjøvann i gryten.

Om kvelden, i skumringen, da vi satt og spiste – eller rettere sagt forsøkte å spise i slingringen – gikk ubåtalarmen. Ingen av oss hadde ofret ubåtene en tanke i det overhendinge været. Vi ante i hele tatt ikke at de kunne operere i sånt opprørt hav. Vi styrtet utpå dekket i det samme destroyerne slapp de første dypvannsbombene. Eksplosjonen sendte kaskader av vann opp i luften, og skuta ristet og skalv som et aspeløv av vanntrykket. Alle så ventet vi på at en eller annen båt skulde fly i luften; men destroyerne klarte å avverge det første angrepet. Vi antok at ubåtene ikke våget sig altfor nær på grunn av den sterke eskorten.

Den greske og den belgiske båten, som kom i følge med oss fra Bermuda, klarte ikke å holde farten i de voldsomme sjøene, og måtte legge seg på været – så nødig de enn ville.

Vi gikk tilbake i messa og fortsatte med julemiddagen. Whiskyflaskene var ennå ikke kommet fra skipperen, så vi begynte så smått å bli utolmodige av å vente. Alle var enig med at vi trengte en oppkvikker for å få litt julestemning til tross for styggevær og ubåter. Plutselig ble døren revet opp, og tredjestyrmann står i døren og sier: «Det blir dessverre ingen dram, gutter. Skipperen vil ikke ta ansvaret for eventuelle berusede folk i tilfelle det blir å gå i livbåtene.» Det var unektelig en skuffelse; men vi måtte jo medgi at det var det fornuftigste.

Tredjestyrmann hadde ikke før lukket døren, før vi hørte ett øredøvende brak. Vi styrtet igjen ut på dekket tidsnok til å se grekeren forsvinne i bølgene langt aktenfor oss. «Likbåten» ilte med en gang til unnsetning. Det ble nok «plenty» å gjøre for han. Et øieblikk etter dirret luften av en ny eksplosjon. Det var belgieren som møtte sin skjebne. For et øyeblikk kunne vi bare se en kullsvart røk. Så blaffet det opp noen minutter, idet bunkersoljen tok fyr; og forsvant derpå i det opprørte havet. Vi stod og såg på hverandre. Mon tro hvem som blir nestemann var spørsmålet på tungen til hver mann. Men ingen uten den ukuelige Bergen sa noe: «Ja, nå er tyskerne begynt å dele ut julesigarene, farr.» Så galt det enn var, kunne vi ikke annet enn le.

Vi slapp heldigvis å smake de tyske «sigarene» takket være det stormfulle været. Det var nok for vanskelig for ubåtene å følge oss i den høye sjøen. Da vi noen dager senere nærmet oss den engelske kysten, slilnet uværet av, og båtene kunne igjen samles i ordentlig rekkefølge. Det var mange forkomne skuter å se. Trelastskutene lignet en skog der de kom med plankene stikkene til værs i alle mulige retninger. Noen hadde mistet mesteparten av dekkslasten og kom sigende med en faretruende slagside. At de ikke tippet rundt er aldeles uforståelig.

Nyttårsaftenen om formiddagen, da vi hadde fått land i sikte, fikk telegrafisten S.O.S. fra en konvoi som var gått ut to dager senere enn oss. Den var angrepet av «Deutschland», og hadde mistet en mengde båter. Da vi hørte det, kunne vi ikke annet enn prise oss lykkelige for at turen var overstått. Den trygge, gode landjorden var bare noen kvartmil unna. Skuta var virkelig et sørgelig syn da vi ankret opp på Cardiff's, den samme kveld. Den lignet på det nærmeste Den flyvende hollender. Innslåtte rekker og knuste flåter. Skutesiden hadde mistet en god del av naglene, og oljen lekket ut og fløt omkring hele havnen. På

toppen av alt var den nediset fra mastetoppen til kjølen.

Det hadde vært en anstrengende tur, men det var allerede glemt da alle mann i sin beste puss gikk i land til en velfortjent nyttårsfest.

Ein gutunge på Totland under krigen

av Henrik Brigtsen



Klar for tur opp Tysselsdalen til mormor.

Dei aller første barneåra var på Tysseland. Eg hugsar ikkje så mykje av dei. Då far, Magnus Brigtsen, fekk fast stilling på kraftstasjonen (apparatvakt), flytta me til funksjonærbustad på Totland, men Tysseland var alltid viktig, for der var så mange slektningar og så mange litt eldre jenter som passa på gutungen – og etter kvart ein god leikekamerat.

Mi verd var stort sett grendene omkring Frølandsvatnet, men der var også ei mormor og tante på Tveit og besteforeldre på Gaupholm – med butikk og stor kai der båtar kom.

Det var nokre veker før eg fyllte 6 år at *krigen* kom til landet og til vår bygd. Eg forstod nok ikkje så mykje av det som var i vente, men noko av det eg hugsar er at ein onkel kom heim til mormor på Tveit på permisjon i det eg tykte var staseleg uniform. Han måtte raskt avgarde att. Då alvoret kom, hamna han på Voss. Eg var på Tveit og hugsar kor dei venta på

at han skulle koma heim, telefon var der jo ikkje. Han kom saman med ein annan kar, utan uniform no. Dei hadde gått over fjellet frå Voss. Eg forstod at det hadde vore ein dryg tur. Denne andre karen fekk eit måltid mat, ein god kvil og ein nistepakke og så han gjekk vidare. Seinare fekk eg vita at han nok hadde lang veg heim til sine – han skulle til Strandvik.

Det første eg hugsar av at tyskarane kom til Totland, var at dei «flytta inn» i det store huset nedst på Totland, det som oftast stod tomt (messa eller administrasjonbygningen). Dei såg i grunnen greie ut og dei gav meg og andre nysgjerrige ungar drops. Men eg fekk raskt klår melding heime om at eg ikkje skulle ta imot noko. Freistande var det sjølvst, men det gjorde det nok litt klårare for meg at desse folka slett ikkje var velkomne. Det tok heller ikkje lange tida før desse grønklede vart eit dominerande innslag. På Totland kom det fort opp tre brakker som vart fylte med soldatar og i tillegg tok dei i bruk eit hus som tilhørde kraftverket, og altså «messa» der offiserar heldt til. På flaten framfor kraftstasjonen kom det opp store bygningar på begge sider av kanalen (flaten var mindre den gongen). Desse bygningane var hestestallar. Også på Frøland kom det opp tilsvarande brakker. Rundt kraftstasjonsområdet kom det opp eit fleire meter høgt gjerde med piggråd på toppen – ein brei port for bilar og ein mindre til gjennomgong for arbeidarar og andre som hadde noko innafor porten å gjera. Vaktmedgeværstod ved porten – herskulle ingen uvedkomande koma inn! Til venstre, rett innanfor hovudinngangen til stasjonen, hadde dei ei lita vaktbu der avløyser og vaktsef heldt til. Denne bu skulle verta ei utriveleg oppleving for meg – meir om det seinare.

Livet måtte jo gå vidare for folk flest, men nærveret til desse framande merka alle, på ulike måtar, sjølvst. Eg var vand med å gå ærend for mor til den vesle butikken på Totland – der hadde me fått det meste av det me trong til dagleg. No

vart dette brått endra, varer vart rasjonerte, me måtte ha med eit bestemt slag rasjoneringsmerke for det vareslaget ein skulle ha, og det var slett ikkje aktuelt å kjøpa meir enn det merket gav rett til. Talet på merke var avhengig av kor mange familemedlemar det var – eit slgas rettferd altså, men slett ikkje tilstrekkeleg alltid og for alle. Då måtte det finnast andre måtar for matauk – somme hadde kontaktar som kunne hjelpa litt, men det kunne vera farleg om det vart oppdaga. Mange «kreative» måtar vart tekne i bruk og ulike kriseløysingar var også til hjelp.

Ved alle funksjonærboligane på Totland var det ein hage, gjerne med nokre bærbusker og frukttre. Dei fleste nytta desse hagane – på hobbybasis kan ein vel seia. Andre var litt meir «profesjonelle» og dyrka litt poteter og grønsaker, eit par hadde til og med nokre sauer. No vart det fart og system i dette. Tre-fire familiar som ønskte det, fekk tildelt «sine» jordstykke, vesentleg større enn dei nemnde hagane og nytta dei på den måten dei fann best.

Familien vår fekk to jordstykke på det me kalla «Holmen» som ligg på Totlandssida av elva, eit lite på knapt 100 kvm og eit større på om lag eitt mål, og eit endå større øvst oppe på Totland. I tillegg slo far nokre andre stader. På det vesle jordstykket hadde me poteter og gulrot, og sikkert litt andre grønsaker. Dei andre jordstykkane gav oss nok gras til to sauer og to geiter – nokre høner må og nemnast. Dette var det god hjelp i.

Attende til våre «nye naboar». Krigen hadde vart eitt år då eg tok til på skulen på Frøland, åleine førsteklassing, to i andre og to i tredje – fem i alt i småskulen. Tyskarane hadde overteke kjellaren i gamleskulen (som no er borte). Der hadde dei verkstad – skreddarar og skomakarar om eg ikkje hugsar feil. Det trongst sikkert når det var så mange som marsjerte og sleit på sko og klede. Dei sjenerte knapt oss

skuleungar, men det var truleg vanskelegare for læraren – til dømes var det heilt sikkert songar me ikkje kunne syngja.

Marsjerte ja – av og til kunne det vera artig å sjå på for det skulle gjerast på skikkeleg vis, takt var viktig når dei gjekk og vending til høgre, venstre eller heilt om når dei stod i ro – det var ikkje spøk å vera den som gjorde feil. Rarast var det når dei trente på å helsa på rett måte. Ein offiser stilte seg opp og så skulle ein og ein soldat gå forbi og helsa på rett måte, og var ikkje helsinga korrekt utført, så var det tilbake og ny prøve. Dette kunne dei halda på med temmeleg lenge.

Andre ting var slett ikkje rart i mine auge, heller skremande : Ved ein liten snarveg forbi Messa og mot Tysseland hadde kraftverket i si tid grave ein temmeleg stor kjellar inn i bakken – ishuset kalla me den og den var den tids kjøleskap når Messa var i bruk, som ein jordkjellar slik somme gardar også hadde. Tyskarane brukte kjellaren på ein annan måte. Ein dag hadde eg skreidd på ski og var komen heilt fram på kanten / reina ovanfor denne kjellaren og ante «fred og ingen fare». Brått strøymde det tyskarar ut frå kjellaren og dei hadde gassmasker på. Eg hadde alltid vore redd for masker og dette var verre enn noko eg hadde sett før. Vettskremd fekk eg snudd skiene og prøvde å koma meg heim og i hus, men før eg nådde så langt, var tyskarane komne opp på sida av huset, framleis med maskene på! Det tok tid før mor fekk roa meg – det er mest som eg enno kjenner kor skremd eg var.

Også eit par andre gonger vart eg skremd. Alle gutane på Totland var eldre enn meg (seinare kom det eit par som var litt yngre), men eg fekk vera med dei sjølv om eg var minste-mann. Like innanfor dei inste husa på Totland hadde desse gutane laga ei lita hytte – vegen mot Langeland kom først etter krigen – og eg fekk vera med inn dit. Like ved hytta var det ei lita myr, tørr når det ikkje regna. Der stilte me opp og

marsjerte att og fram – hadde vel sett på tyskarane – og så hadde me gevær, trekolbe med instalasjonsrøyr på. Det skulle liksom vera moro å apa etter det me hadde sett. Men brått var det slutt på leiken. To tyskarar med alvorlege andlet og gevær på aksla stod framfor den vesle «troppen» vår og mønstra oss. Så tok dei minsteguten sitt «gevær» og studerte det – eg vart redd! Kva dei større gutane var, veit eg ikkje. Så smilte tyskarane og gjekk sin veg, men det vart slutt på vår eksersis.

Med ujamne mellomrom vart heile flokken av tyskarar borte – dei skulle nok avgarde til langt alvorlegare og farlegare oppdrag. Men ganske raskt kom det nye som fylte brakkene. Dessenye brukte vellitt tid på å setjaseginn i kva som var vanlege rutinar for oss som hørde til i området. I alle fall verka det slik for meg ein gong. Når far hadde føremiddagsvakt – den starta kl 6 om morgonen – var det vanleg at eg gjekk til stasjonen med nista hans. På veg til skulen ein morgon, saman med andre elevar, skulle eg berre som snarast inn med nista til far medan dei andre venta. Ei ny gruppe med tyskarar var nett komne og dermed ny vakt i porten. Han likte tydelegvis ikkje denne gutungen som kom med ransel på ryggen og ein liten pakke i handa – kanskje var det noko skummelt gutungen bar på. Vakta tok meg hardt i nakken og rett inn på det før nemnde vaktrommet der vaktkommandør og ein avløysar sat. Sjølv sagt var eg vitskremd og tårene rann, ute av stand til å forklara noko som helst. Men far som venta på nista oppe på «brettet» i andre etasje, hadde sett det heile frå vindauga der. Det tok ikkje lange tida før han stod i vaktrommet og skjelte ut tyskarane. Vaktkommandøren oppfatta nok raskt kva som hadde hendt og roa det heile ned. Far fekk nista si og eg fekk gå ut til dei som hadde venta på meg og som hadde sett det heile. Dei trøysta meg så godt dei kunne. Seinare sa far at det var mest utruleg at ikkje han vart teken slik han hadde oppført seg.



Utanfor dette huset på Totland sette tyskarane opp plakater med «ACHTUNG».

Rasjonering er nemnd. Me hadde alltid kjøpt mjølk på Tys-seland. No fekk me «tildelt» ein bestemt bonde, Bernhard Tysseland, og ei viss mengd mjølk – to liter – og mjølka skulle hentast etter kveldsstellet i fjøset. To liter i eit spann var inga tung bær og oppgåva vart som oftast mi. Mor kunne ikkje gå for der var to mindre sysken å ta seg av og far var gjerne på vakt. Vegen til Tysseland kjende eg ut og inn. Den gjekk forbi Messa og der var det vakt. Det var greitt så lenge det var nokonlunde lyst om kveldane, men det var mindre triveleg når det var mørkt. Veglys fanst jo ikkje og vindauga på alle hus hadde blindingsgardiner. Sjølv om ein visste at der var ei vakt, så var det nifst når ein ikkje såg eller høyrde han, og så var han brått rett framfor deg. Han gjorde sjølvsagt «jobben» og visste heller ikkje kven som kom gåande i mørkret – han skulle passa på. Nifst, som sagt, men heimturen gjekk lettare for då var nok vakta klår over kven som kom.

No hende det nok at også me «skremde» tyskarane – i alle fall gjorde dei litt nervøse. Bror min, Brigt og eg fekk skarlagensfeber under krigen. Det er ein temmeleg smittsom sjukdom. Me måtte halda oss i ro heime og innandørs, og eg fekk ikkje lov å gå på skulen. Om andre også hadde fått sjukdomen, hugsar

eg ikkje. Men det eg hugsar og forstod, var at tyskarane slett ikkje ville ha noko slikt inn i leiren sin. Det viste dei ved å setja opp ein stor plakat med store bokstavar på gjerdet utanfor vår bustad. Teksten var på tysk og slik lærde eg mitt første tyske ord : *ACHTUNG!* stod det med store bokstavar øvst på plakaten.

Det hende far var borte, gjerne ein sykkeltur til Gaupholm. Då visste eg det og av og til fekk eg også vera med. Men av og til var han berre borte og eg fekk ikkje noko skikkeleg svar når eg spurde. Nokre gonger vart det seine kvelden før han kom heim. Mor var uroleg og eg fekk ikkje gå å leggja meg sjølv om det var langt over sengetid. Mor var letta når han kom og eg oppdaga at han gjerne hadde med seg ein pakke med smør, fløyte eller fleire liter mjølk i eit spann.

Eg måtte til sengers, men eg registrerte at far og mor gjerne vart sitjande og prata ei heil stund etter ein slik tur. Etter kvart fekk eg vita at han hadde vore til Høyseter. Der hadde dei radio, men dei hadde ikkje straum. Radioen trong akkumulator / batteri, desse måtte ladast med jamne mellomrom og det kunne far hjelpa til med (sikkert også andre, sjølv sagt). Eg oppdaga at det bak sofaen av og til stod ein slik akkumulator til lading – på kraftstasjonen hadde eg sett noko liknande og visste kva det var. Det var streng beskjed om ikkje å nemna til nokon kva eg hadde sett. Av og til måtte det meir til enn berre lading, «innmaten» i akkumulatoren var svekka eller øydelagd og nytt måtte skaffast. Seinare fekk eg vita at far hadde eit lite «nettverk» av skulekameratar frå då han gjekk på Bergen Tekniske Skole. Desse hjelpte kvarandre i ulike samanhengar – kort sagt, smøret han hadde fått gjekk nok også til slike vennetenester. Korleis det føregjekk tek eg ikkje opp her. Men det far og mor prata om i desse seine kveldane, var nok nytt han hadde fått gjennom radioen på Høyseter. Turen dit opp og heim att gjekk så vidt eg

veit om Langeland og Svensdalen, av og til på ski – ulendt og ikkje heilt lett i mørkret, men det ville sikkert vore farlegare å bruka hovudvegen.

Ein liten historie som kanskje fortel litt om kva folk tenkte, men som dei var forsiktige med å seia høgt. Far hadde slege og eg hjelpte han med å setja opp ei hes / hesje for å tørka høyet. Eg gjekk føre og vikla strengen om hesjestauren og far kom etter og strama strengen – ein heilt vanleg «operasjon» den gongen. Ein god nabo og arbeidskollega stogga og slo av ein prat med far medan me arbeidde. Eg laga ein krøll på strengen – ein «engelskmann» vart det kalla – og far var etter meg og sa at eg måtte la vera å laga «engelskmann», det svekka strengen. Naboen sa då til far: *«du må ikkje vera etter guten for at han lagar «engelskmenn» for no er det på tide dei kjem!»* Sjølv ein gutunge skjøna litt av djupna i dette.

Det tok enno ei tid før dei kom, men dei kom, om ikkje bokstaveleg. Eg har eingong før skrive i «Samningen» om denne spesielle maikvelden. Ein riktig fin kveld på veg heim frå geitestølen på Totland saman med gamle Tea Totland – som så mange gonger før. Framme på reinane ser me mange av husa og tuna rundt Frølandsvatnet og der var flagga komne opp! Eit vakkert syn, men minst like sterkt inntrykk gjorde det å sjå gledesårene i augene til Tea! Kanskje gutungen i denne augneblinken forstod litt meir av kva ordet *fred* eigentleg tydde.

Nede ved tyskarbrakkene var det også fred, men på ein annan måte. Me var vane med at det alltid var litt «liv og røre» i leiren – no var det heilt stille.

Dette var nokre glimt frå det eg hugsar frå denne tida som me enno omtalar som *krigen*. Meir kunne nok vore med og andre har nok sine opplevingar – kom med dei.

Mons K. Aadland:

Pioner i Amerika

av Norvald Langeland

Alle historieinteresserte samningar har høyrte og lese om Knud Langeland – han som vart ein kjend og akta bladmann og politiker i USA. I Samnanger historielag si Årbok 2015 har Øyvind Røen skrive om livet hans i Samnanger og i USA, Ivar Bård Aadland har omsett til nynorsk utdrag frå boka Knud Langeland ga ut 1888 og Anlaug Røen Hauge har gitt oss utdrag frå brevveksling mellom han og venen Rasmus Bjørn Anderson.

Men Knud hadde ein 20 år eldre bror som og sette spor etter seg i Amerika, om enn på andre område enn veslebroren.

Mons Knudsson Aadland var fødd 1793 som eldste son til Knud Pedersson og Magdela Monsdatter Langeland. Foreldra bygsla gard på Langeland. Dei fekk etter kvart ni barn og levkåra var tronge. Difor måtte borna ut i arbeid og tena til eige opphald så snart dei slapp fram for presten. Me veit ikkje kva slags arbeid Mons hadde i tidleg ungdom. Truleg var han dreng på ein eller fleire gardar i Samnanger. Som dreng hadde han fri kost og losji i tillegg til nokre spesidalar i løn.

Då han var 28 år gamal i 1821, hadde han utruleg nok lagt seg opp så mykje pengar at han kunne kjøpa gard på Aadland, ein gard som, etter tilhøva i Samnanger på den tida, var både stor og fin. Kjøpesummen var 500 spesidalar.

Året etter gifta han seg med Eli Knudsdatter Hisdal f. 1798. At dei kjøpte nett denne garden på Aadland var nok ikkje tilfeldig for dette var garden der far til Eli var fødd og oppvaksen.

Slik skikken var på den tida, skifta dei etternamn til Aadland

etter garden dei hadde kjøpt og busette seg på. Eller meir presist: Den gongen var eit slikt gardsnamn meir ei bustad-adresse enn eit etternamn. Frå vikingtida og fram til utpå 1800-talet var etternamnet far sitt namn med tillegg av -son eller -dotter, slik det framleis er på Island. Det «etternamnet» hadde dei livet ut - også kvinner når dei gifta seg. Danske prestar vengde på dette slik at det i kyrkjebøkene og etter kvart i skriftleg bruk vart meir og meir vanleg med -sen i staden for -son og -dottar.

I tillegg til garden, dreiv Mons, i følgje amerikanske kjelder, ei fiskeskøyte. Det høyrer sannsynleg ut sjølv om norske kjelder ikkje seier noko om det. Alt som er skrive om han tyder på at han var ein uvanleg aktiv, tiltaksrik og arbeidsam person. På Ådland hadde han fjorden som næraste granne. Då var det nok heilt naturleg for han å utnytta fiskeressursane i sjøen. Og alt tyder på at han og Eli sto seg godt og hadde det økonomisk betre enn dei fleste andre i bygda. Broren Knud siterer i boka «Nordmændene i Amerika» (1888) presten i bygda som hevda at «flere av mine Søkende hørte blant de mest velstående Folk i Bygden». Mons var truleg den mest velstående av dei alle.

Sjølv om Mons gjorde det godt som bonde på Ådland, var han ein av dei mest aktive i å få til den første organiserte Amerika-reisa frå Bergensområdet i 1837.


Den første organiserte norske utvandringa til Amerika gjekk med skipet «*Resturationen*» som sigla frå Stavanger i 1825. Dei fleste om bord var kvekarar. Kvekarane var (er) ei liberal og fredsam religiøs lekmannsgruppe som på den tida skilde seg ut ved at dei hevda at alle menneske var likeverdige og difor nekta dei mellom anna å ta av seg hatten for prestar og andre «øvrighets»-personar. For dette vart dei forfølgde og sette i fengsel. Barna vart tekne frå dei og tvangsdøpte. Kvekarane visste at det i USA var religionsfridom. Difor reiste dei.

Ein av dei som reiste med «*Resturationen*» i 1825 var *Knud Andersson Slogvig* (Slovik) frå Tysvær i Ryfylke. Han kom heim ein tur i 1835. Ryktet om heimkomsten hans spreidde seg og nådde også Samnanger. Fire menn frå Samnanger, Nils Pedersson Langeland (Skule-Nils'n), Nils Larsson Frøland, Mons Knudsson Aadland og Knud Knudsson Langeland, reiste vinteren 1836 til Skjold for å snakka med Knud Slogvig og slik få første hands opplysningar om Amerika. Opplysningane dei fekk var positive og dei bestemte seg for å prøva å organisera ei reise.

I eit intervju «*Billed-Magazin*» (no. 4, 1868) hadde med Mons K. Adland fortel han at det var alt farbroren, Nils Pedersson Langeland, som les både tysk og engelsk, fortalde om Amerika som vekte utvandringstrongen hos Mons. I same intervjuet fortel han at det var han, saman med farbroren og Nils Larsson Frøland, som våren 1837 reiste til Bergen «for at søge Skibsløilighed». Frå andre kjelder veit me at dei fekk kontakt med kaptein Behrens som tidlegare hadde vore i USA med frakteskipet sitt barken «*Ægir*». Behrens bygde om skipet slik at det kunne brukast som passasjerskip.

Før han reiste frå Aadland, selde Mons garden til bror sin Peder (f. 1809). Slekt hans har sidan budd på denne garden.

For mange av emigrantane, inkludert onkelen Nils Pedersson, var fattigdom ei viktig årsak til at dei reiste. Det kan ikkje ha vore den viktigaste grunnen for Mons. Noko av forklaringa ligg kanskje i eit informasjonsbrev han skreiv etter besøket hos Knud Slogvig i Tysvær: «I Amarika staar Bonden like høit i agtelse som Presidenten og der behøver ikke den lille Mand ta av sig Hatten for Storkare han møter». Dette synest å vera uttrykk for den aukande sjølvkjensla som vaks fram mellom bygdefolk i tida etter 1814. Dei godtok ikkje lenger å verta kua under prestar, embetsfolk og handelsstand. Fridomen i USA, som dei hadde høyrte om, freista.



Ægir

For ein ekspansiv bonde som Mons freista nok og historiene om store fruktbare og lett dyrkbare landområde. Sjølv seier han til «*Billed-Magazin*» i 1868: «Jeg syntes min Gaard var liden og Udsigterne for Børnene var daarlige». Det siste hadde han nok rett i. Om ein ikkje kunne arva eller gifta seg til gard, var utsiktene til eit rimeleg bra økonomisk liv dårlege i Vestlandsbygdene på 1800-talet.

Kort tid etter at dei tre Samningane kom til Bergen våren 1837, var 83 emigrantar, mellom dei 33 samningar, samla i Bergen og «Ægir» segla frå byen 7. april 1837.

Mons Knudsson Aadland var 44 år gamal då han, med kone og seks barn i alderen to til tretten år, gjekk om bord i «Ægir».

Overfarten gjekk etter måten greitt, men ikkje utan dramatikk. Ute i Atlanterhavet vart «Ægir» påsegla av eit engelsk skip. «Ægir» fekk store skader, men kunne segla vidare. Engelskmannen tok på seg skulda for kollisjonen.

Etter ni veker på havet nådde «Ægir» New York 10.juni 1837.

Mons og dei fleste andre i følgjet hadde planlagt å dra vidare frå New York innover og nordover i landet til eit settlement i Fox River i La Salle County i Illinois. Men denne delen av reisa vart både meir strevsam og kostbar enn venta. Då dei kom til Detroit hadde onkelen Nils Pedersson brukt opp alle pengane sine. Han måtte derfor bli igjen der med kone og seks barn. Der livnærte han seg først som snikkar før han kjøpe 120 acres (knappt 500 mål) land i Lapeer nord for Detroit. Der budde han som farmar og handtverkar resten av livet.

Dei andre reiste vidare og kom til Chicago. Der møtte dei andre nordmenn, mellom dei rogalendingen Bjørn Andersson Kvelve som hadde reist ein del rundt i USA. Han og dei andre fortalde at området Slogvig hadde tilrådd, og som «Ægir»-folket hadde tenkt seg til, var usunt fordi det var mykje sumpland der. Mange immigrantar til dette området vart sjuke og døydde av malaria og andre infeksjonssjukdomar, fortald dei. Dei hevda og at det var lite land igjen der for nybyggjarar.

Alt dette var nok sant. I Norge har me lett for å tru at emigrantane til Amerika reiste til velstand og lukke. Slik var det ikkje. Dei fleste sleit tungt i mange år og mange døydde av malaria, kolera og andre infeksjonssjukdomar. Til dømes vart settlementet Muskego , litt lenger nord enn Fox River, sterkt råka av epidemiar fleire gonger. Dødstalet var oppe i 15 på einaste dag.

Nokre amerikanarar dei snakka med tilrådde dei å reisa til eit område 70 miles sør for Chicago, Beaver Creek. Fire menn vart sende av garde for å finna ut om dette var eit bra område. Dei fann det akseptabelt og kunne fortelja at det var rimeleg «regjeringsland» å få kjøpt der. Dermed reiste omkring 50 av «Ægir-folket» sørover til Beaver Creek. Mellom dei var Mons Aadland og familien hans.

Men dei fann ikkje «draumen om rikdom i Amerika» i Beaver

Creek. Til «Billed-Magazin» fortalte Mons K. Adland i 1868: «Landet her er flatt og lavt. Vandet kan vanskelig finde Afløb, men danner Sumpe.....Omsider udbrød Sygdom og 14 a 15 Lig stededes til Jorden efter kort Tids Forløb». Melom dei døde var svogeren til Mons, Anders Halldorsson Nordvig.

Dei fleste reiste frå Beaver Creek eitt eller to år seinare utan å få noko att for utlegg og arbeid der. Mange drog no til området dei først hadde planlagt, Fox River i La Salle County i Illinios. Mellom dei var Magdela Knudsdatter, søster til Mons, enkja etter Anders Nordvig. Ho og Anders kom til USA med seks barn i alderen eitt til nitten år.

I 1845 skreiv broren Knud brev til mora der han mellom anna fortalde at Magdela framleis budde i Illinios og hadde «godt Udkomme». Så trass i den ulukkelege starten gjekk det visst bra med henne og. Magdela som slo seg ned i La Salle, Illinois i 1838, døyde der i 1892, 92 år gamal.

Mons K. Aadland var den siste som reiste frå Beaver Creek. Han drog 100 miles nordover til eit relativt nytt settlement i Raymond Township i Racine County i Wisconsin.

Han reiste frå Norge med 1000 spesidaler, ein av dei rikaste om bord i «Ægir». Då han kom til Raymond hadde han tre dollar i kontantar og nokre kyr og oksar. Han selde husdyra og for pengane kjøpte han 80 acres land i utkanten av settlementet. Han ga staden namnet North Cape. Der var det rein villmark, skog og prærieland då familien kom dit. Dei bygde seg ei enkel lita tømmerhytte der familien, foreldre og seks (sju?) barn, budde dei første åra. Men Mons og familien var flittige. Landet der var fruktbart og farmen voks gjennom stadig nye kjøp av land. «Jeg nærmede mig smaaningom mine Ønskers Maal, en uafhængig sorgfri Stilling. Efter 3 a 4 års forløb kunde jeg kaldes en velhavende Mand».

Men Mons'n, som alle i det stadig veksande settlementet kalte

han, ga seg ikkje med det. Femten år etter at han kom til Racine hadde farmen vokse til 800 acres (over 3200 dekar). Farmen er omkring 1850 omtalt som eit mønsterbruk med alt av moderne utstyr.

I tillegg til farmen dreiv Mons og familien omfattande forretningsverksemd, eit butikksenter, postkontor (North Cape Post Office) og ein fabrikk som mellom anna produserte dreinsrøyr og keramiske fliser. Mons'n hadde nok personleg erfaring for at dreinsrøyr var nyttig og nødvendig.

Mons K. Aadland «forenkla» etter kvart etternamnet sitt til Adland, men brukte alltid mellombokstaven K. for Knudsson.

Han var svært aktiv i lokalsamfunnet, med i alt styre og stell. Han og kona Eli (Ellen) var aktive i alt humanitært arbeid. Dei tok seg av nye immigrantar og var på alle måtar med på å byggja settlementet som stadig voks og etter kvart vart ein by. Dei var aktive i den Norsk Lutherske kyrkja og med på å byggja kyrkjehuset.

Det Mons'n starta opp er ikkje gløymt i Raymond. Enno i dag finn du på kartet både North Cape, North Cape Street og North Cape Road.

Mons K. Adland var aktiv også i politikken. Først var han med i Det Demokratiske Partiet. Men då dette partiet, den gongen dominert av folk frå Sør-statane, varmt støtta slaveresnet, skifta han til Det Republikanske Partiet – Abraham Lincoln sitt parti – då dette vart skipa i 1854. Den gongen var Demokratane i dei fleste spørsmål langt meir konservative enn Republikanarane.

Mons og Eli hadde seks barn då dei reiste frå Norge og fekk i alle fall eitt etter at dei kom til Amerika. Tre av dei levde då Rasmus B. Anderson besøkte North Cape i 1895, Knud, Thomas og Martha.

Ti år før han døde delte Mons eidegommene sine mellom barna.

Av barna vart Knud og Thomas buande i Racine County. Martha, som var fødd i Beaver Creek i 1839, gifta seg med presten Adolph Carl Preus (1814-1878). Dei flytta tilbake til Norge. Martha døde i Horten 1900. Eitt av oldebarna hennar var fotografen Leif Preus (1928-2013) – mannen som starta Preus Foto og som bygde opp det landskjende Preus fotomuseum i Horten.

Mons K. Adland døde i 1869, Eli to år før.

Nokre av kjeldene:

Anderson, Rasmus B.: The first Chapter of Norwegian Immigration (1895).

Blegen, Theodore C.: Norwegian Migration to America. 1825-1860 (1931)

Flom, Georg T.: A History of Norwegian Immigration to the United States (1909)

Hofland Neil A.: Four Immigrant Shiploads: «Ægir» (1998)

Langeland, Knud: Nordmænnene i Amerika (1888).

Langeland, Knud: Brev til mor (1845)

Lauvskard, Nils: Samnanger. Soga um bygdi, gardane og ættene (1930)

Mørkhagen, Sverre: Farvel Norge (2017)

Mørkhagen, Sverre: Drømmen om Amerika (2017)

Årbok for Samnanger historielag (2015)

På veg til Grønsdal skule

Av Karin Høysæter Steinsland

Grønsdal skule vart teken i bruk i 1922. Sjølv bygningen var gjenbruk av det gamle ungdomshuset på Tysse. Før den tid var det omgangsskule i fjellgrendene.

Her fortel nokre av dei som var elevar på 1930-, 40- og 50-talet om skulevegen sin og litt om skuletida ved Grønsdal skule. Kva minne sit att no om skulevegen deira i fjellgrendene? Mange av elevane hadde både lang og farleg skuleveg – sett med dagens auge.

På skuleveg frå Kleivane

Agnes Kristine Kleivane fortel:

Eg var elev ved Grønsdal skule frå 1931 til 1938. Me budde oppe i Kleivane – og skulevegen var grei, syntest eg. Men det kunne vera mykje snø, ofte halvannan meter. Nokon brøytt bilveg var det ikkje snakk om på den tida.

Eg hadde eldre søsken som eg gjekk saman med til skulen dei første åra. Og eit par år var det ei jente som budde heilt oppe i Kvittingen, Klara Tysseland, me hadde følgje med til Grønsdal. Om vinteren sto me på ski – då gjekk det fort nedover om morgonen. Bror min, Johannes, var mykje betre på ski enn meg, så han såg eg lite til på skuleveg om vinteren.

Det vare ikkje tid isommar halvåret, då me kunne gå tørrskodde. Me samlast i skulehuset midtsommars òg, til jonsokfest. Og så var det korøvingar i skulehuset, mange var flinke å syngja. Me hjelpte sjølv sagt til på garden, og me måtte gå på stølen når me vart eldre. Det var god trening! Me levde tett innpå naturen, og kjente oss frie og friske. Eg trur born og unge går glipp av noko i dag.



Kart over skulevegen:

- Gult, frå Tverrlia
- Mørkeblått, frå Steinhushaugen
- Turkis, frå Kleivane
- Lilla – frå Dyrhovden – og Vassenden
- Raudt – fylkesvegen til Kvittingen



Alle 7 åra på folkeskulen hadde eg Anders Aadland som lærar. Han var ein svært god lærar, me visste nok ikkje kor heldige me var. Han kom nyutdanna til Grønsdal då eg begynte på skulen.

På skuleveg frå Tverrlia

Bergit Valland Minde fortel:

Eg var elev ved Grønsdal skule frå 1946 til 1953. Me budde oppe i Tverrlia, ovanom Røyrbotn. Så skulevegen var både lang, bratt og ulendt, heilt til me kom ned på anleggsvegen inst i Grønsdalen.

Eg hadde ei to år eldre søster, så eg hadde følgje då eg starta på skulen. Om vinteren måtte me gå på ski, og det var skummelt nok å skreia ned det bratte gjelet mot

Røyrbotn. Far vår arbeidde i Grønsdalen, og han gjekk tidleg om morgonen og trakka braut for oss. Det var ofte verre heim att – då kunne det ha snøa og blese igjen brauta, og far kom seinare enn oss. På mørkaste tida gjekk me med lykter. Det var heller tungt opp att, men me var vane med å gå til fots når me skulle nokon plass.

Då yngste søster mi begynte på skulen, så måtte ho nokre gongar følgja med far på arbeid tidleg om morgonen. For det

vart for farleg å gå vegen åleine for henne om vinteren. Ho måtte venta nede i Grønsdalen til skulen starta.

Eg hadde Anders Aadland som lærar heile skuletida. Han hadde lang veg sjølv, så av og til når veret var dårleg, overnatta han på lemmen over skulestovene. Han var ein snill og flink lærar, og miljøet på skulen var eineståande. I friminutta leika me ilag ute alle. Og om våren skulle me ha utetimar i gymnastikk, kan eg hugsa. Ja, me var nok ganske spreke i utgangspunktet.

I storskulen hadde me syskule - to veker årleg. Småskulen hadde fri dei to vekene. Då kom Anna frå Tveit med symaskina si. Og me hadde med oss både nål og tråd heimanfrå. Me jentene hadde syskule i den eine skulestova, og Anders`n hadde gutane i sløyd i den andre skulestova. Det var ekstra kjekke skuledagar.

På skuleveg frå Vassenden

Solveig Karin Vassenden fortel:

Eg gjekk på Grønsdal skule frå 1948 til 1955. Til vanleg hadde me ein grei skuleveg frå Vassenden til Grønsdal. Men ein episode gløymer eg aldri.

Det var hausten 1953 – og det hadde tidleg lagt seg ein god del snø i fjella. Så kom regnet – og det vart STOR flaum i Samnanger-vassdraget. Grønsdalsmyra var heilt overfløymd. Det var ikkje råd å følgja vegen langs Fiskjevatnet, den låg under vatn. Læraren vår, Anders Aadland, kom som vanleg frå Haga på mopeden sin. Og skulle han denne dagen komma seg nokolunde tørrskodd og i tide til skulen i Grønsdalen, måtte han hentast med båt. Far min, Peder Vassenden, hadde ein robåt liggjande. Så han tok årane fatt. Eg, bror min, Magne, og Sigmund Kleivane var med i båten. Det var strid straum i elva.

Far rodde omlag til grinda ved Fiskje, der hyttene ligg i dag. Det var sjølv sagt overløp og slett ikkje ufarleg å vera så nære



Dette biletet er teke i bakken like ved skulen ein fin junidag i 1952.

Framme f.v. Esther Annlaug Kleivane, Edith Kleivane, Aud Norunn Kleivane, Didrik Kvittingen, Reidar Johannes Kleivane, Håkon Petter Kvittingen, Kåre Kleivane, Asbjørn Sandvik.

I midten f.v. Solveig Karin Vassenden, Margit Ellen Kleivane, Solveig Audhild Kvittingen, Bodil Agnete Kleivane, Magli Kristine Dyrhovden, Erling Grønsdal.

Bakerst f.v. Oddny Dyrhovden, Bergit Valland, Magne Vassenden, Sigmund Peder Kleivane, Atle Kleivane, lærar Anders Aadland.

utløpet i Fiskjevatnet i den sterke straumen. Læraren vart henta – og me kom oss på skulen den dagen òg. Gutane, som var gått ut or 7. klasse om våren, fann forresten på å sykla i vatnet langs vegen for moro skuld, kan eg hugsa.

På skuleveg frå Dyrhovden

Magli Dyrhovden Gjerde fortel:

Eg var elev ved Grønsdal skule frå 1950 til 1957. Me budde i Dyrhovden – og skulevegen var jo eit stykke for små føter. Det er ein dryg kilometer ned til bilvegen ved Myra, og to og ein halv kilometer vidare til skulen. Minst tre og ein halv kilometer kvar veg. Me tenkte ikkje på at det var langt eller bratt. Eg gjekk dei fleste åra saman med storesøster mi Oddny, og med naboane frå Vassenden. Om vinteren var det gjerne ei hestebraut å gå i frå Dyrhovden ned til hovudvegen. Ein fast rutine to gongar i veka vinterstid var å dra med oss 20-liters mjølkespannet på kjelken om morgonen. Spannet sette me ved rampen ved busstoppet på Myra. Og så drog me tomspannet heim att om ettermiddagen. På skulevegen var me alltid innom naboenta i Vassenden. Ho hadde av og til med seg eit par 3-liters spann med mjølk til funksjonærane ved kraftverket.

Som minste jenta på skulevegen fekk eg ein liten fordel nokre få gongar: det var når eg fekk sitja på trøsykkelen eller motorsykkelen til læraren oppover til skulen. Då vart dei store jentene litt misunnelege.

Det var jo mørkt om morgonen vinterstid, ingen veglys. Men me var ikkje redde for mørket. Seinare, då eg måtte gå heile skulevegen åleine, var eg redd for to ting: ploget og toreveret. Hørde eg ploget komma så klatra eg langt oppover brøytekanten. For vegen var smal og svingete – og nokre av stabbesteinane hadde me borna dytta utføre for å måla krefter.

Det var kun to klasserom i skulen. Så 1.-4.klasse gjekk samla,

og 5.-7.klasse gjekk samla. Og det var me elevane som henta inn vedskier frå vedskjulet til å halda varmen i skulestovene i løpet av dagen. Det trongs varme for å tørka våte sokkar og sko.

I 7.klasse hadde me «kokeskule» på Steinsland. Det var om laurdagane med frøken Vangsnes. Då fekk me skuleskyss til Tysse. Då gjekk eg frå Dyrhovden til Myra, tok bussen, og gjekk så vidare til Steinsland, og same leis heim att. Sykkel fekk eg først bruka då eg skulle til konfirmantførebuing på Ådland.

På skuleveg frå Steinhushaugen

Aud Norunn Kleivane Solberg fortel:

Eg var elev ved Grønsdal skule frå 1951 til 1958. Me budde i Steinhushaugen – så me hadde mest nedoverbakke til skulen om morgonen. Søstrene mine og eg *gjekk* alltid til skulen - og oftast på ski om vinteren. Før me kom bort til bilvegen måtte me kryssa elva. Om våren i snøsmeltinga og om hausten gjekk Storelva veldig stor, og turen over hengjebrua kunne vera farleg spennande.

På veg heimover att hende det ein sjeldan gong at ein av lysverket sine bilar let oss sitja på oppover. Det vart til vanleg ikkje brøytt oppom Grønsdal – så ingen skyss å håpa på oppover om vinteren.

I første til fjerde klasse hadde me Anders Aadland som lærar. Me begynte fast den første timen med song, og Anders'n spelte på trø-orgelet. Eitt år hadde me ein vikar frå Bergen, Bjørn Nilsen, og dei siste to åra var Andreas Tundal læraren vår. Eg likte dei fleste faga, men aller best naturfag og landkunne.

Då me kom i 7. klasse skulle me jentene ha «kokeskule» og «syskule». Den hausten reiste me til Steinsland skule ein dag for veka. Då fekk me følgja rutebussen frå Grønsdal til Tysse.

Så gjekk me til Steinsland. Same turen ettermiddag: Gjekk frå Steinsland til Tysse, buss til Grønsdal og så gjekk me oppover til Steinhushaugen att. Om våren i 7.klasse hadde me «syskule», og då gjekk me ned til Tveit skule eit par veker. Og det var Anna Tveit som var lærarinna vår.

I friminutta skreidde me på kjelke, sto på ski og hoppa i snøhaugane om vinteren. Ein gong måtte læraren spa oss laus frå snøhaugen, for me hadde sett oss fast. Ein annan gong sovna læraren i matstunda, og då nytta me sjølvsagt høvet til å luska oss stille ut og leika vidare.

Eg hadde det veldig kjekt på skulen, både i småskule og storskule. Eg kan ikkje hugsa det var noko slag stress. Berre gode minne både frå skuletida og skulevegen.

I 1962, 40 år etter oppstarten, vart Grønsdal skule lagt ned. Elevane frå grendaskulane Grønsdal og Høysæter vart då overførde til Frøland skule - med skuleskyss.

Takk til «elevane» Agnes Kleivane, Bergit Valland Minde, Solveig Karin Vassenden, Magli Dyrhovden Gjerde og Aud Norun Kleivane Solberg for å dela sine minne om skulevegen.

Takk til Oddny Dyrhovden Kleivane for lån av foto.

Då straumen kom til Dyrhovden

Av Magli Gjerde

Planane om eit kraftverk i Dyrhovden tok truleg form på 1930-talet. Det var mange i fjedlagardane som hadde arbeid i samband med anleggsdrifta til Bergen Elektrisitetsverk, BEV. Mellom dei som arbeidde ved anlegget var far min, Ole Dyrhovden, og onklane mine Nils, Bernhard og Peder. Dei gjekk lenge med tankar om å setja opp eit lite kraftverk sjølv heime i Dyrhovden.



Kartet viser plassering av kraftstasjonen (X) ved Massingaelva. (kart frå www.norgeskart.no).

Dei hadde både kunnskap og mot - og eit sterkt ønskje om å få elektrisitet i heimen. Då dei fekk rimeleg utstyr til røyrgate og anna utstyr til kraftstasjon av sjefane i BEV, Werner Eriksen og Fraas, sette dei i gong.

Plasseringa av kraftverket hadde dei tenkt nøye ut. Dei ville nytta vatn frå Massingaelva og fossen vest for Dyrhovden. Rossatjørna oppe på Flatafjellet ville dei ha til vassmagasin, som reserve i tørke- og kuldeperiodar.

Eit lite hus vart sett opp og utstyret kom på plass. Og straum vart det – likestraum – det vart lys i taket! Akkurat kva årstal er eg usikker på, det var før 1940. Kor mykje straum som vart produsert veit eg heller ikkje, men det vart no straum til lampe i taket og ei enkel kokeplate på kjøkkenet.

I Dyrhovden var det på den tida to husstandar, besteforeldra mine, som budde i eine delen og Ole med familie i andre delen. Og så var det Anna Sæterhaug, ho fekk også straum. Det vart også sett opp linje til Nyutløetræ, og der var det fire



Restar av kraftstasjonen ved Massingaelva i Dyrhovden (2018)

husstandar som fekk lys i lampane. Når det var for mange som brukte straum samtidig, vart spenninga lavare og lysstyrken svakare, hugsar eg.

Kraftverket trong sjølv sagt tilsyn, og det var onklane mine som såg til det i starten. Men då både dei og besto og besten flytta til Myra, måtte min familie overta tilsynet og vedlikehaldet. Mang ein kveld var far vår i stasjonen og såg til det. Men det hende at han var vekke på arbeid heile vekene, budde borte. Då var det mor vår, Margreta, som måtte overta ansvaret for drifta. I likestraums-generatoren var det børstar som måtte haldast reine for sot. Det blafra tydeleg i lampane når desse børstane begynte å bli sotete. Eg ser enno for meg mammo når ho tok ut bort til kraftstasjonen. Og der sat ho då - med sot i fanget - og pussa på børstane til ho fekk dei heilt reine.

Eg hugsar også ein episode frå ein kald vinterkveld. Det hadde vore frost lenge og det minka stygt på vatnet i Massingaelva. Det måtte då opnast opp for vatn frå Rossatjørna viss kraftstasjonen vår skulle produsera nok straum. Der oppe var det laga dammed luke for regulering. Papenspentepåsegskiene etter arbeidstid og for til fjells, opp mot Flatafjellet. Han klarte å opna luka og fekk sleppt vatn nedover. Eg sat heime og venta, var litt engsteleg. Det nærma seg midnatt før han kom heim att – og i flott måneskin gjekk alt bra.

Straum frå BEV fekk me først på 50-talet i Dyrhovden.

Den ekstreme helga

Av Svein O. Aadland

I januar i år var det 100 år sidan den store snøvinteren i 1918. Me har fått lov til å trykkja artiklar Svein O. Aadland har skrive om dette i bøkene sine «Ådland. Folk og hendingar» (2002) og i «Nordbygdaboka» (2015).

Me har teke med noko frå begge bøkene for å få eit endå betre bilete av hendingane denne ulukkeshelga. Red. mrk.

Førjuls vinteren hadde vore vindfull og bitande kald. Snøen let venta på seg. Heile landskapet fraus i bein. Først ut i januar 1918 kom snøen. Etter kvart i store mengder. Fredag den 18. januar vart undervisninga på skulen i Nordbygda stoppa rundt middagsstunda (matfrikvarteret). Dei to lærarane følgde borna heimover. Ingen born fekk gå åleine, men vart følgde til ein eller annan vaksen, som tok på seg å følgja dei vidare heim.

Ein av dei som så vidt hugsar denne vinteren, er Knut Røen på Olderbakken. Han har eit minne frå den helga snøen kom. Han hugsar faren og to gutar (broren Hans og naboguten Magnus Røen. Red. mrk.) kom kavande opp mot huset i snøen. Det var berre så vidt han kunne sjå gutane, så djup var snøen. Etter at dei kom opp til huset, følgde faren ein av gutane, Smøga-Magnus'n opp i Smøget, ikkje mange metrane frå husa på Olderbakken. Det gjekk ein time før faren kom att.

Fredagskvelden gjekk det gale i Trengereidfjorden. Oppe i Kufta ein stad hadde det bygt seg opp ei veldig fonn dagane føre. No losna ho. Snøraset sopte stovehuset til enkja Berta Trengereid på Vellene (Vedlena) over ende. Ho var ung enkje som hadde mist mannen sin to år tidlegare. Berta hadde ein son, Olav, som var ti år gammal og ei dotter, Klara, som var to

og eit halvt år. I tillegg hadde dei ei tenestejente.

Ifølgje Nils Lauvskar sat alle fire rundt omnen då det skjedde, tenestejenta med vesle Klara på fanget. Plutseleg kom det ein frykteleg smell. Før dei forstod kva som hadde skjedd, låg dei i snøen nede ved grunnmuren i huset. Og dei kom seg ikkje ut, vart liggjande fanga heile natta.

Då naboane kom til om morgonen og fekk grave dei fram, var vesle Klara død. Ho hadde visstnok fått omnen over seg. Tenestejenta hadde også eit brannsåar etter omnen. Ho bar arret med seg livet ut.

Laurdag den 19. januar skulle det vera gravferd på Ådland. Knut Holdhus på Ulland hadde gått bort laurdagen før. Denne dagen, den sjuande dagen etter dødsfallet (derav ordet sjund, det gamle ordet for gravferd) skulle han gravast.

Engelina Kvamme fortel om dette på lydbandopptak: - Dei tok ut frå Ulland med hestar og slede om morgonen. Då dei hadde kome seg ned til Tysse, innsåg dei at dei aldri ville koma seg heilt til kyrkja utan hjelp. Difor ringde dei til Ådland og spurde om nokon der kunne koma til møtes. Frå Ådland tok dei ut med fire hestar og sju mann. Fleire av hestane på Ådland vart til vanleg brukte på skysstasjonen og hadde vore med på litt av kvart av tunge turar wintersdagen før, to av dei var også vane med å gå med truger. Følgjet hadde med seg to sledar. Karane gjekk på ski og hadde med seg spadar.

Oppe på Haukaneset dreiv bonden og kørde opp brauter i tunet ved å dra ei bjørk etter hesten då han fekk auga på følgjet som kjempa seg oppover etter vegen. Han såg dei sleit tungt. Bonden kørde til møtes med dei, det var mykje lettare for hesten hans som fekk gå unnabakke. Dei frå Ådland var i ferd med å gje opp, men no fekk dei ei lita braut og eit trakk, så mykje dei kom seg heilt opp med sledar og hestar.

Nede i Aldalen stod gravferdsfølget frå Ulland med kista på sleden, dei kom seg ikkje lenger. No vart kista flytta over på ein av sledane til ådlandarane. Mot Ådland byttest dei to ådlandshestane med slede på å dra kista. Seint gjekk det, der det etter kvart utslitne følget av folk og hestar sleit seg mot Ådland. Men om dei var aldri så trøytt, gløymde dei så visst ikkje å halda på gamle og viktige gravferdsskikkar. Kvar gong dei streva seg forbi eit hus, song dei ei gravferdssalme; «Så vil vi nu sige hverandre farvel, og ønske Guds fred med eder».

Dei frå Ådland hadde teke ut i 11-tida om føremiddagen. Klokka var over sju om kvelden då dei kom att. Følget hadde brukt over åtte timar på turen.

På Ådland hadde Søvika-Per'n vore til Ådland denne same dagen. Timane gjekk utan at han kom att. Dei heime i Søvika var ute og såg etter han. Då hørde dei ropa om hjelp. Ein utsliten Per hadde brukt lang tid på å kava seg gjennom all laussnøen utover til Søvika, sjølv om han hadde lånt seg ski. No stod han oppå Kleiva og ropa om hjelp, fann rett og slett ikkje vegen ned gjennom snøkaoset. Dei nede i Søvika kom seg til slutt opp og fekk han på rett veg ned.

Sundag morgon låg heile Samnanger pakka ned i slike snømengder at ingen hadde sett maken. Så gjekk det over i regn. Det ausa ned. Og det gav seg ikkje.

Sundagskvelden var det ingen på Ådland som visste om ulukka i Trengereidfjorden. Dei var mest opptekne av regnet som plaska ned – og elvane som hadde gått opp. Klakje, snø og vatn kom buldrande nedover.

Før i tida hadde det kome to bekkar ned i Hagen hos Johan'n i Kristi-tunet (garden tvers over vegen frå parkeringsplassen ved kyrkja. Red. mrk), den eine kom der elva frå Dammen (vassverket) kjem i dag, Holmabekken altså, den andre kom ned lia i retning løa. Johan'n ville gjerne sleppa å ha to bekkar

ned i Hagen og fekk difor sprengt den kanalen som i dag går bort i vassverkdammen, slik at alt vatnet kom ned i Holmabekkjen i staden

Då det lysna av dag måndag morgon, oppdaga dei i Kristi-tunet at vatnet fossa inn mot løa, og inn i smalhuset. Fleire sauer var drukna, resten fekk dei berga opp i løa.

Johan'n hadde den gong ein dreng som heitte Bernhard og kom frå Bjørnåsen. Han var heime den helga. Måndagsføremiddagen kom han til Ådland att, på ski. Han og Johan'n gjekk oppover for å sjå om det var noko dei kunne gjera for å få elva tilbake i rett far. Dei oppdaga at det hadde laga seg ei stem av is og snø i kanalen som skulle føra vatnet over i Holmabekkjen. Drengen ville over på andre sida og sjå. Han hasta over på ski, rett under stemma. Akkurat då losna det.

Det var fleire som hørde ropa om hjelp og kom til. Johan'n ropte at Bernhard'n var faren i fossen.

Engelina Kvamme var sju år den gong. På sine eldre dagar fortalde ho korleis ho hugsa det som hende:

- Bestefar min (Knut) var snarrådig. Han ropte beskjedar: Du Engelina må passa småungane. Du, Sydneva, sa han til mor, må gå på skykkjeskukken og lempa ut bord. De, sa han til dei tre døtrene sine som var heime, må koma med meg og bera bord. Me må bort og stengja att føre opninga der elva renn under vegen, så mannen ikkje rek til sjøs for oss.

Heile flaten bak løa i Kristi-tunet stod meir eller mindre under vatn. Ein av dei som var med og leitte, hamna sjølv uti, men ein annan fekk triva han i håret før han gjekk under.

Etter ei tid fann dei Bernhard'n under fossen. Han var død.

Du finn meir stoff om Bernhard og Bjørnåsen i neste artikkel. Red.

«En driftig kar»

Av Anlaug Røen Hauge

Redaksjonen i årboka fekk i haust ein epost frå Arve Espe. Han er barnebarn av Jakob Espe som budde i Bjørnåsen. Han skriv mellom anna:

Eg har kome over ein artikkel som sto i Bergens Tidende heilt tilbake til 1923. Artikkelen handlar om bestefar min, Jakob Espe som dreiv Bjørnåsen i si tid. Korleis Jakob kom til Bjørnåsen, er godt beskrive i Svein Aadland si bok om Ådland.

Det gjer meg litt ærbødig når eg les artikkelen om bestefar. Han var etter det eg har forstått, smed på jernbanen til dagleg, men dreiv og gjorde mykje arbeid med garden i Bjørnåsen. Det skulle etter mi meining, berre mangle at vi som har fått ansvaret for desse plassane i dag, ikkje skal ta vare på dei.

Vinteren 1918 vart hugsa som den store snøvinteren.

Etter at landskapet hadde vore stivfroze i vekevis, kom det store mengder snø i januar. Så slo det om i mildver og det storregna slik at elvar og bekkar gjekk opp. Det var då det gjekk gale på Ådland. Drengen hos Johan Aadland, Bernhard Bjørnås, omkom då han skulle hjelpa til med å leia vatnet bort frå husa. (Sjå artikkelen «Den ekstreme helga»).

Bernhard kom altså frå



To kjekke karar, Jakob og Arve Espe, for om lag 50 år sidan. Det var nok stas å kle seg som bestefar.

Bjørnåsen, denne garden som ligg så høgt og fritt over Reistad /Nordvika.

Det har budd folk i Bjørnåsen sidan tidleg på 1800-talet. Då var det ein Sjurd Danielsson frå Langhelle som fekk bygselsbrev på dette plassen «på dei vilkor, at han skulde byggja og eiga husi og svara 2 rd. i årleg plassavgift». (Nils Lauvskard i *Samnanger I*) Vidare ser me at det var ulike eigarar på denne garden som fekk bruksnummer 6 under Reistad.

Fartil Bernhard Bjørnås, Sjurd Bårdsom Tveit (f. 1845) erført opp som busitjar her i 1910. Han var først gift med Ingeborg Tomasdotter Reistad som tidleg døydde frå han. I 1891 gifte han seg på nytt med Anna Hansdtr. Lauskard (f. 1861). Han døydde i 1917, så enkja vart sitjande att åleine med garden.

Sjurd og Anna hadde tre born: Bernhard f. 1892, Margit f. 1896 og Knut Martin f. 1900.

Det var altså denne Bernhard som omkom på Ådland i januar 1918.

Anna, som hadde vorte enkje året før, tok det sjølv sagt tungt at eldste sonen var død, og ho var svært uroa over korleis ho skulle få råd til å halda gravferd for sonen. Men folk på Ådland og elles også, stilte opp for Anna med både kiste til Bernhard og mat.

Gamle Anna fekk elles gjera både Ådlandsfolk og andre tenester att. Ho var rekna for å vera eineståande flink med sjuke dyr, og vart henta både til Ådland og andre gardar mange gonger sidan. Ho døydde i 1950, nære på 90 år gamal.

Men kven skulle ta over garden i Bjørnåsen?

Bernhard sin yngre bror, Knut Martin, var berre 17 år og ville ikkje binda seg til bruket. Difor enda det med at søster

til Bernhard, 21 år gamle Margit, kom heim saman med mannen sin og to born. I 1913 hadde ho gifta seg med Jakob Espe frå Espe i Ullensvang. Dei hadde busett seg i Odda, men no flytta dei til Bjørnåsen og vart buande der.

Margit og Jakob fekk etter kvart 11 born. Det var 28 år mellom den eldste og den yngste. Det var nok ikkje alltid enkelt for dei som skulle driva denne garden. Det var ikkje veg til gards, berre ein sti det meste av vegen, så alt som skulle til gards, måtte berast. Jakob var ute på arbeid, så mykje av gardsarbeidet fall naturleg nok på Margit. Men Jakob var ein hendig mann og gjorde mykje for at det skulle verta lettare å bu så avsides.

Nils Lauvskard skriv i Samnanger II: «Han er



Margit og Jakob Espe

ein tru slepar som hev arbeidd jordvegen mykje fram, hev bygt ny veg til tuns, um lag 2 km, og bygt togbane til Reistad. Kraft til togbana tek han frå ein bekk i nærleiken. Alt dette hev han utført, endå han hev vore mykje ute på anleggsarbeid»

Arve Espe har skrive av artikkelen som var å lesa i Bergens Tidende:

Bergens Tidende fredag den 19. januar 1923

Fra Fylkerne

Samnanger

En driftig kar.

«Det er noget av det beste som jeg leser i en avis, beretninger om driftige bønder, som vil greie seg selv. Da det kan tenkes, at dette har interesse for andre, skal jeg tillate mig i Bergens Tidende at næmne et eksempel.

Jakob Espe kjøpte for en del aar tilbake gaarden Bjørnaas i Samnanger. Vaaningshusene var gamle, saaledes at der maatte bygges nytt hus. Material til husene kunde Espe selv skaffe sig i egen skog; men at transportere tømmeret ned til sjøen for at føre det paa sagen vilde bli for kostbart. Da hr. Espe er en opfindsom kar la han straks planer om, at bygge sig et eget lite sagbruk. Nævedygtiger hansom faa, saaledes at han har alt faat det istand, men en ting manglet – og det var det værste – rørene. Maskinfirmaerne kunde nok skaffe rør; men de var for kostbare. Espe vilde ha rør, som var lette av vekt. Han opgav maal og længder; men det var ikke godt at skaffe. Nu vil han ogsaa bli hjulpet heri, da en Maskinforretning i Bergen har lovet at hjelpe ham til at faa disse rør. Saa faar da denne driftige mand sit eget hus færdig av sin egen skog.

Det kunde være til eksempel for mange bønder paa vore fjeldgaarde, som har skog. Vand har de altid nok av. Det er ogsaa

mange, som kjøper færdige materialer til hus; mens de derimot sælger skogen til uthugst.

Disse bør ta eksempel av hr. Espe og nytte sit eget. Det er godt for de bygger, som harslike foregangsmænd. Det vil gro efter det.»

-Vv—g.

Kjelder:

Nils Lauvskard: *Samnanger I og II*

Svein O Aadland: *Ådland. Folk og hendingar* og Nordbygdaboka

Faksimile frå Bergens Tidende frå 1923



Bjørnåsen

Kva har hendt i Samnanger historielag i 2018?

Etter årsmøte og styremøte er dette dei tillitsvalde:

- Helge Hisdal, leiar
- Svanhild Eikedal Lauvås, nestleiar
- Audhild Aadland Olsnes, skrivar
- Solvor Aadland, kasserar
- Vidar Trengereid, styremedlem
- Tor Wold, varamedlem
- Vidar Tveiterås, varamedlem
- Gisle G. Øye, revisor
- Arne Nordbø, revisor

Fondsnemnd: Tone Tysse Land Holmefjord, Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes

Årboknemnd: Anlaug Røen Hauge, Ivar Bård Aadland, Tor Wold og Karin Høysæter Steinsland.

Svein O. Aadland gav seg i nemnda etter å ha lagt ned eit stort arbeid heilt frå laget starta i 2000.

Valnemnd: Solveig Vassenden og Brynjulv Hernes

Årsmøtet gjorde vedtak om at medlemspengane for 2019 skal

vera 250 kr for einskildmedlemer og 300 kr for familiar.

Vidar Trengereid song og fortalde frå anleggsarbeidet. Tor Wold viste film frå då dei sprengde bort Gjerdstunnen.

Aktivitetar i året. Leiaren vår, Helge Hisdal, deltok på Hordaland Sogelag sitt årsmøte på Voss.

Samningaveko: Styremedlemene Audhild og Vidar hadde fin stand på Tysse og selde årbøker og t-skjorter.

Vårtur til Masfjorden: Kjent og godt opplegg med veteranbuss og triveleg sjåfør, Kjell Ove Fossdal; 36 passasjerar og ein sær s god og lokalkjend guide, Arne Høyland. Kaffipause på Ostereidet, vidare langs Austfjorden der me vitja Sandnes fargerier og Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. God middag åt me på Masfjordnes, og så var det kabelferje til Duesund og vidare til Matre og Bjørn West-museet med utstillingar og filmframsyning. Svært interessant krigshistorie! Før den kunnskapsrike guiden vår forlet oss, var det kaffi, vaflar og ei flott maleriutstilling i ei gammal skulestove i Lindås.

Hausttur til sæters: Turen gjekk til Ådlandssætra i Fusa, rett over grensa frå Sævild. Gåturen starta ved Va der ein lett kan gå både mot Dale og Barmen, eller ta vegen heit opp på Burlifjellet. Guidane Torfinn Kolle og Håkon Ådland gav eit spennande innblikk i stølshistoria.

Felekveld på biblioteket: Historielaget fekk i fjor kjøpa ei gammal hardingfele etter Knutin Kleppe (1876-1961) Han var ein mykje brukt felespelar her i bygda. Fela skal stå utstilt på lokalavdelinga på biblioteket. Ho trong mykje reparasjon, og kommunen var med og delte på kostnadene for å få fela sett i stand ved Ole Bull Akademiet på Voss. Dette var starten, og i kulturminneveka i september vart det fokus på

Samnangerfelene med utstilling og foredrag på biblioteket på Bjørkheim. Me fekk sjå eksemplar av dei landskjende Tveitafelene, Røyrbotnafelene, Sævlafelene og Skarsfelene og i tillegg andre som var tekne med av dei som kom der. Ikkje rart at felebyggjaren Sigvald Rørlien som i foredraget sitt tok oss med inn i felemakaren si verd, var overraska av den store feleproduksjonen som har vore i Samnanger! Her finst mange feler, men diverre er spelemennene borte. I årboka for 2013 fekk me vita mykje om historia til Tveitafela og Røyrbotnfela. På felekvelen fekk me eit godt bilete av Skars- og Sævlafelene.

Torfinn Kolle gav oss gjennom forteljing og feletonar kjennskap til eit rikt musikklivet på Sævild ved brørne Andreas og Lars Sævild. Sistnemnde var ikkje berre felespelar, men også felemakar og komponist. Søstersonen Gunnvald Kolle førte felespelet vidare heilt opp til våre dagar, og me fekk høyra fine slåttar som han hadde spelt inn til Arne Bjørndals-arkivet.

Roger Skar hadde heilt frå han var liten vore mykje hos bestefaren, felemakar Alfred Skar, som har laga mange feler. Roger har arva både ei fele og felemakarutstyret hans som me fekk studera i utstillinga. Ein flott kveld med over 50 deltakarar.

Takk. Ei stor takk til alle som støttar arbeidet til historielaget : Dei 120 medlemene, dei som fortel eller skriv, dei som sel og dei som kjem på møta våre. Takk for samarbeid med Antons kulturhistoriske senter og Samnanger kommune!

For styret,

Solvor Aadland.



I denne utgåva av årboka finn du fleire artiklar om livet på sjøen.

Elles kan du lesa om ulukker i samband med den store snøvinteren 1918, om ein av dei første som utvandra frå Samnanger til Amerika, Mons K. Aadland, og minne frå krigens dagar.

Du finn også litt stoff om Bjørnåsen (biletet over) – og endå meir.



Samnanger historielag